

Finn Ove Båtevik, Geirmund Dvergsdal og  
Anne Natvig

Rapport nr. 40

## **Utviklingstrekk i Nordfjord**



<b>Tittel</b>	Utviklingstrekk i Nordfjord
<b>Forfattarar</b>	Finn Ove Båtevik, Geirmund Dvergsdal og Anne Natvig
<b>Prosjektleiar</b>	Finn Ove Båtevik
<b>Rapport nr.</b>	40/2013
<b>Sider</b>	78
<b>Prosjektnummer</b>	17165
<b>Prosjekttittel</b>	Utviklingstrekk i Nordfjord
<b>Oppdragsgivarar</b>	Nordfjorderådet
<b>Ansvarleg utgivar</b>	Møreforskning Volda
<b>ISBN</b>	978-82-7692-327-8
<b>ISSN</b>	1891-5981
<b>Distribusjon</b>	Open <a href="http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009">http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=1009</a> <a href="http://www.hivolda.no/fou">http://www.hivolda.no/fou</a>
<b>Nøkkelord</b>	Arbeidsmarknad, befolkningsutvikling, entreprenørskap, regional utvikling, rekruttering, samarbeid

Rapporten «Utviklingstrekk i Nordfjord» er ein samfunnsanalyse for Nordfjord-regionen. Analysen ser på sentrale regionale utviklingstrekk og utfordringar som regionen står overfor. Dette gjelder utviklingstrekk knytt til mellom anna befolkning, sysselsetting og rekruttering av arbeidskraft, arbeidsreiser, innvandring, nyskaping og utviklinga av fritidsmarknaden. I tillegg til ein systematisk analyse av sentrale utviklingstrekk for regionen, har også sentrale aktørar frå regionen fått kome til orde med sine vurderingar rundt utviklinga av Nordfjord som region. Dette gjeld både godt etablerte aktørar og unge menneske som satsar på ei framtid i Nordfjord.

© Forfattarar/Møreforskning Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforskning Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.



## Forord

Rapporten «Utviklingstrekk i Nordfjord» er ein samfunnsanalyse for Nordfjord-regionen. Analysen ser på regionale utviklingstrekk og utfordringar regionen står overfor. I rapporten er det primært situasjonen og utviklinga for Nordfjordregionen sett som ei samla analyseining som blir vurdert. Samtidig er det brukt to referanseregionar, Indre Sunnfjord og Indre Nordmøre, for å kunne sette dei aktuelle utviklingstrekk inn i større kontekst. Målet er at arbeidet skal legge grunnlag for vidare arbeid med tanke på utarbeide strategiar og tiltak for utvikling av Nordfjord-regionen.

Oppdragsgivar har vore Nordfjodrådet, der kommunane Stryn, Hornindal, Eid, Gloppen, Vågsøy og Selje inngår. Undervegs i arbeidet har Sigmund Vereide fungert som kontaktperson på vegne rådet. Vi takkar for oppdraget og godt samarbeid!

Gjennom arbeidet har vi, i tillegg til Sigmund, vore i kontakt med ei heil rekke informantar i regionen. Blant desse stilte fleire unge menneske som har etablert seg i regionen til ei eiga samling, der tema var utvikling av Nordfjord-regionen. Vi seier oss takksame for den velviljen og den interessa alle desse har synt for arbeidet!

Volda, juni 2013


Finn Ove Båtevik (prosjektleder)  
Geirmund Dvergsdal  
Anne Natvig

## Innhald

Forord.....	5
Figurliste.....	9
Tabelliste.....	11
Nordfjord – mange mulegheiter, store utfordringar.....	12
Regionbygging.....	13
Teoretisk perspektiv på regional utvikling.....	14
Dynamiske regionar og lokalsamfunn.....	15
Attraktivitet.....	16
Opningar og utfordringar – vegen vidare for Nordfjord.....	18
Befolkningsutvikling og rekrutteringsutfordringar.....	18
Høgare utdanning bestemmer kompasskursen for unge.....	19
Eit variert butilbod.....	19
Nettverk og møteplassar.....	20
Eit næringsliv på kunnskapsvandring.....	20
Gullkysten.....	21
Bygge Nordfjord som merkevare.....	21
Synspunkt på Nordfjord – sett frå ulike aktørar.....	23
Synspunkt blant sentrale utviklingsaktørar.....	23
Rett og tilstrekkeleg kompetanse.....	24
Samarbeid om utdanning og rekruttering.....	24
Kampen om kompetansen.....	25
Regional infrastruktur.....	25
Samferdsel.....	25
Tilgang på kapital.....	26
Kultur for utvikling.....	26
Ulike utfordringar for ulike næringer.....	26
Ulike utfordringar for ulike delar av regionen.....	27
Kva har gitt utvikling i Nordfjord?.....	27
Dei viktigaste aktørane for utvikling i Nordfjord.....	28
Samarbeid i regionen.....	28

Tankar om muleg samarbeid.....	28
Synspunkt blant unge i etableringsalder .....	29
Hinder for utvikling.....	30
Mulegheiter for utvikling.....	32
Prioriteringar .....	32
Korleis jobbe med å løyse dei viktigaste utfordringane? .....	32
Sysselsettingsutvikling og rekrutteringsbehov.....	34
Næringsstruktur og utviklingstrekk.....	34
Mot ei kunnskapsintensiv framtid.....	37
Næringar i vekst og nedgang.....	40
Rekruttering – ei utfordring?.....	42
Moment for vidare drøfting .....	44
Nordfjord – ein utpendlingsregion.....	46
Moment for vidare drøfting .....	49
Innvandring – tilgang på ny arbeidskraft.....	50
Moment for vidare drøfting .....	52
Befolkning i endring.....	53
Endra flyttemønster – innvandring balanserer flyttetap .....	54
Flyttetap og kullstorleik.....	56
Moment for vidare drøfting .....	59
Ein fragmentert region .....	60
Mangel på felles regional identitetsbygger? .....	61
Moment for vidare drøfting .....	65
Nyskaping og utvikling i Nordfjord – midlar frå Innovasjon Norge .....	66
Oppsummering.....	68
Fritidsmarknaden – eit område med potensiale for vekst? .....	69
Kvar kjem eigarane frå? .....	70

## Det er eit stykke opp til dei store hyttekommunane



.....	75
Oppsummering.....	75
Litteratur.....	77



## Figurliste

Figur 1. Å møte framtida. Kjelde: Nilson J.E. -Blomstrande næringsliv.....	14
Figur 2. Regional kapabilitet som eit samspel mellom materielle og relasjonelle forhold. ....	15
Figur 3. Næringsstruktur etter region. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken. ....	34
Figur 4. Årleg endring i sysselsetting 2000-2011 i dei tre regionane. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.....	35
Figur 5. Høgskule- og universitetsutdanna i prosent av befolkninga 16 år og over fordelt etter region. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken. ....	37
Figur 6. Endring i sysselsette etter næring og region. N=Tal sysselsette i kvar næring i 2008. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	41
Figur 7. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringar der andelen over 55 år er mindre enn 20 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	43
Figur 8. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringar der andelen over 55 år er 20-24 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	43
Figur 9. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringar der andelen over 55 år er over 25 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	44
Figur 10. Utpendling frå Nordfjord etter oppmøteregeion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB .....	47
Figur 11. Innpendlarar til Nordfjord etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB .....	48
Figur 12. Innvandrarar i befolkninga fordelt etter opphavsregion og buregion. 1.1 2003 og 1.1 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	50
Figur 13. Endring i innvandringsgrupper etter opphavsregion og buregion. Perioden 1.1 2003-1.1 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	51
Figur 14. Innvandrarar blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB .....	51
Figur 15. Prosentvis endring i folketal i femårsbolkar, 1988-2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	53
Figur 16. Endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2013 fordelt på region. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	53
Figur 17. Kvinner i alderen 30-39 år etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	54
Figur 18. Netto innanlandsk flytting for tre regionar 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	54
Figur 19. Nettoinnvandring for tre regionar 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	55
Figur 20. Samla flyttebalanse for tre regionar. 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	56
Figur 21. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter region. 1.1. 1988-1.1. 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	59
Figur 22. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på kommunar i Nordfjord-regionen. Kommunane med størst omsetting i Indre Sunnfjord og på Indre Nordmøre som referansekommunar. 2008, 2009, 2010, 2011, 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	60
Figur 23. Dekningsgraden for Firda Tiend i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	62
Figur 24. Dekningsgraden for Fjordabladet i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	62
Figur 25. Dekningsgraden for Fjordingen i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	63
Figur 26. Dekningsgraden for Fjordenes tidende i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	63
Figur 27. Dekningsgraden for Sunnmørsposten i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	64
Figur 28. Dekningsgraden for Firda i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	64

Figur 29. Dekningsgraden for Firda i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen. ....	65
Figur 30. Netto løyvde midlar frå Innovasjon Norge 2007 - 2011, alle næringskodar. Kjelde Innovasjon Norge /Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD).....	66
Figur 31. Tal saker per kommune, 2007 - 2011. Kjelde Innovasjon Norge /Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD) .....	67
Figur 32. Kommunane i Nordfjord rangert etter tal saker i høve til folketalet. Kjelde: Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD) /Innovasjon Norge. ....	67
Figur 33. Tal saker og netto løyvde beløp- 2007 - 2007, Nordfjord og Indre Nordmøre. Kjelde: Innovasjon Norge/ Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD). ....	68
Figur 34. Etablerte fritidseigedomar i Nordfjord i perioden 1990 - 2011, per kommune. I tal inngår også naust, garasjar og liknande som blir registrert under same eigedomskode som fritidseigedomar. Faktiske tal,. Kjelde: Statens kartverk/Infoland .....	70
Figur 35. Omsette fritidseigedomar 2006 - 2011 fordelt etter eigarane si bustadadresse. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.....	71
Figur 36. Omsette fritidseigedomar 2005 - 2011 per kommune, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Kjelde: Statens kartverk/Infoland. ....	71
Figur 37. Omsette fritidseigedomar i Selje 2005 - 2011 fordel tetter eigaren si bustadardesse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.....	72
Figur 38. Omsette fritidseigedomar i Vågsøy 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland. ....	72
Figur 39. Omsette fritidseigedomar i Eid 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde statens kartverk/Infoland.....	73
Figur 40. Omsette fritidseigedomar i Gloppen 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk /Infoland.....	73
Figur 41. Omsette fritidseigedomar i Hornindal 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde statens kartverk/Infoland.....	74
Figur 42. Omsette fritidseigedomar 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/Infoland.....	74
Figur 43. Omsett fritidseigedomar 2012, dei ti største kommunane og Stryn, Eid og Bremanger. faktiske tal. Kjelde SSB.....	75

## Tabelliste

Tabell 1. Samla endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.....	36
Tabell 2. Endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken. ....	36
Tabell 3. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken. ....	38
Tabell 4. Endring i sysselsetting etter yrkesfelt og region 2007-2010. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. .	39
Tabell 5. Endring i sysselsetting etter bustadregion og sektor. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	42
Tabell 6. Sysselsette etter bustad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	46
Tabell 7. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. .	46
Tabell 8. Eigendekning av arbeidsplassar fordelt på kommunar. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	46
Tabell 9. Utpendling frå Nordfjord fordelt etter oppmøteregeion. Endring 2000-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	47
Tabell 10. Innpendlarar til Nordfjord etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	48
Tabell 11. Sysselsette innvandrarak etter landbakgrunn i dei tre kommunane i Nordfjord som har flest innvandrarak. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	52
Tabell 12. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Nordfjord. Kjelde: Statistikkbanken, SSB. ....	57
Tabell 13. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Sunnfjord. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	57
Tabell 14. Endringar av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringar i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	57
Tabell 15. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter region. 1988, 1993, 1998, 2003, 2008, 2013. Faktiske tal og prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.....	58

## Nordfjord – mange mulegheiter, store utfordringar

Rapporten dokumenter sentrale utviklingstrekk i Nordfjord, sett i lys av både statistikk og personlege intervju med ulike nøkkelpersonar frå samfunns- og næringsliv i regionen. I tillegg er den basert på innspel frå unge ny-etablerte i regionen. På bakgrunnen av dette blir trådane samla i ei strategisk drøfting av dei utfordringane regionen står overfor. Vi har valt å starte rapporten med denne drøftinga. Den som vil lese grunnlaget for dei tankane som er løfta fram i drøftinga, vil finne desse i analysane i dokumentasjonsdelen.

Bremanger har i mange høve også inngått i Nordfjordregionen i ulike samarbeidsprosjekt, i denne rapporten er Bremanger ikkje definert som ein del av Nordfjord.

Nordfjord er ein økonomisk region<sup>1</sup> definert å bestå av kommunane; Selje, Vågsøy, Eid, Gloppen, Stryn og Hornindal med til saman om lag 28800 innbyggjarar. I alle økonomiske regionar er det definert senterkommunar<sup>2</sup>, for Nordfjord er Vågsøy, Eid, Gloppen og Stryn definert som senterkommunar.

For å kunne danne oss eit best mogleg bilde av utfordringane regionen står over for i høve til nyskaping og utviklingsarbeid, har vi mellom anna intervju sentrale aktørar frå politikk, næringsliv og offentleg forvaltning som frå ulike posisjonar har synspunkt på tema nyskaping og utvikling. I tillegg har vi invitert ei gruppe unge og reflekterte nyetablerte personar til å tenkje høgt om korleis Nordfjord-regionen kan og bør utvikle seg vidare. Kva slags utfordringar ser dei, og kva slags framtidvisjon bør regionen sikte seg inn mot? Gruppa har vore samansett av personar i alderen 25 – 35 år med ulik fagbakgrunn, kjønn og geografisk tilknytning frå heile regionen.

Nordfjord har, sjølv om den ikkje har vore geografisk naturleg avgrensa, historisk fungert som ein funksjonell region med samarbeid mellom kommunane på ulike område. Nordfjorden var tidlegare samferdselsåra som bant dei fem kommunane Vågsøy, Eid, Gloppen, Stryn saman, medan Hornindal og Selje i kvar sin ende ikkje hadde den same naturlege samankoplinga. Etter kvar som ferdsla vart flytta på land har Rv 15 bunde saman Vågsøy, Eid, Stryn og Hornindal medan Gloppen og Selje ikkje er direkte kopla på. Selje ligg geografisk og funksjonelt nær opp til Vanylven og Søre Sunnmøre medan Gloppen har like naturlege bindingar mot Jølster og Sunnfjord. Med Eiksundsambandet og Kvivsvegen har Hornindal blitt naturleg kopla til Sunnmøre og «Eiksundregionen» på ein måte som vil gjere det like naturleg å orientere seg mot Sunnmøre i ulike samanhengar.

Nordfjord-regionen har geografiske utfordringar som gjer at det ikkje alltid er like funksjonelt å få til praktisk samarbeid. Regionen ligg slik til at det er naturleg å orientere seg både sørover, nordover og til dels austover. Dette vel vi å sjå som ei mulegheit, ikkje som eit hinder eller utfordring. Å kunne

---

<sup>1</sup> Gjennom SSBs arbeid med å dokumentere regionale standardar (arbeidet er publisert i NOS C 513) vart det avdekka behov for å revidere standard for handelsområder. Den nye standarden blir kalla økonomiske regionar fordi kriteria som er nytta for å definere regionane, til dømes arbeidsmarknad og varehandel, er knytt til området sine økonomiske tilhøve (Kjelde: SSB – Standard for økonomiske regioner 2000)

<sup>2</sup> Eit generelt kriterium for ein senterkommune er at det skal vere ein tettstad av ein viss størrelse. I tillegg er pendingstal, varehandelsstatistikk og folketal i største tettstad med å definerer senterkommune. (Kjelde SSB)

«shoppe» litt her og litt der, hente impulsar, kompetanse og bygge nettverk til mange ulike miljø er ein fordel og føresetnad for å utvikle opne og lærande samfunn. Lærande samfunn er opne samfunn prega av samarbeid og kunnskapsflyt mellom føretak og andre aktørar, mange frivillige aktivitetar og relasjonar og mange samarbeidande entreprenørar. Stagnerande samfunn er prega av lukka kunnskapssystem, mykje "hemmeleghald", sektorisert og lite samarbeid, lite kollektivt og individuelt entreprenørskap (Amdam og Amdam 2000).

## Regionbygging

Noreg er i ferd med å få ei to-delning av økonomien; den eine knytt opp til maritim og marine næringar, den andre til annan fastlandsproduksjon av produkt og tenester. I den siste inngår også det vi kan kalle den offentlege økonomien, det som er knytt opp mot sysselsetting innan offentlig sektor. Dette skilje er tydelegast på Vestlandet og i deler av Nord Norge, der produksjonen av olje og gassrelatert verksemdar er lokalisert, og der også marin sektor ved fiskeri og oppdrett held til. I Sogn og Fjordane er dette tydeleg, først og fremst ved den aktiviteten som skjer i Florø og Måløy men også i tilknytning til andre miljø som i Gulen, Fjaler og gjennom enkeltbedrifter andre stadar.

Nordfjord har ikkje eit regionsenter som Førde, Florø eller Sogndal, men fire jamstilte. Det gjer at kommunane er sjølvstendige på mange område, og at dei «står støtt» på egne bein. Det kan ha noko å seie for korleis regionen blir oppfatta og vurdert frå aktørar frå utsida. Aktivitet skapar aktivitet, og i mange høve vil det vere snakk om ei «kritisk masse» som må ligge i botn for å vere stor nok og attraktiv nok til å tiltrekkje seg aktivitet. Tydelege og funksjonelle samarbeidsområde mellom fleire mindre senter kan vege opp for dette. Føresetnaden er at dette både må fungere i praksis og bli kommunisert på ein tydeleg og einsarta måte.


Spørsmålet er både om det er grunnlag for, og viktig for kommunane i regionen å gå meir i takt i framtida. Ein del av utviklingspotensialet i regionen ligg i å utnytte dei ulikskapane som er i regionen både næringsmessig og kulturelt, og utnytte den sterke lokale tilhøyringa i lokalmiljøa til å bygge ein regional identitet. Men samstundes vil det vere viktig å fortsetje og utvikle samhandling og samarbeid mot naboregionane sørover og nordover for å komplettere regionen som bu- og arbeidsmarknad.

## Teoretisk perspektiv på regional utvikling


Region er eit omgrep med mange tolkingar knytt til m.a. funksjonalitet, politisk og administrativ organisering, homogenitet m.m. Med funksjonelle regionar er det naturleg å tenkje på område som naturleg heng saman gjennom eit felles bu- og arbeidsområde, infrastruktur kunnskap / kompetanse eller andre funksjonar som kan binde saman eit geografisk område. Måten å avgrense regionar på har endra seg gjennom tidene. Tidlegare var kommunikasjonane meir avgjerande for grenselinjene mellom regionar. Når så kommunikasjonslinjene endrar seg, til dømes frå sjø til land, kan det oppstå "rare" grenser mellom regionar. Utvikling av nye funksjonelle bu- og arbeidsområde kan gå på tvers av administrative regionar

Utvikling kan vere økonomisk vekst, næringsutvikling, levekår og livskvalitet, eller det kan vere stabilitet og nedbygging. Det kan i enkelte høve vere nødvendig å bygge ned samfunn og funksjonar for å bygge opp andre. Utvikling kan vere planlagt eller det kan vere resultat av tilfeldige hendingar som i ulike situasjonar kan gje ulike resultat. Alle samfunn er prega av ulike interesser og mål, av maktkamp, ulike interessegrupper, organisasjonar m.m. Felles er at dei treng overordna verdiar eller normer som "lim" for å overleve.

Utviklingsarbeid handlar om å gjere tiltak, bruke ressursar på ein måte som skal leie utviklinga mot ein visjon og eit mål som ligg lenger framme. Vi har då minst to utfordringar; definere mål og velje tiltak for å nå måla. Dei fleste av oss har lett for å sjå tilbake på kva som har fungert i gitte situasjonar – det tiltaket førte til det resultatet, at det vi ser bak oss legg premissane for å sjå framover. I dette ligg det ei naturleg evne til å sjå inn i framtida med dagens briller. Det er få som forventar store omveltingar, i alle fall i nær framtid, difor blir framtida definert som ei framskriving av dagens situasjon. Vi kan på mange måtar samanlikne det med ein budsjettprosess, der rekneskap frå året før blir lagt til grunn og justert for prisstigning m.m. Ein slik måte å drive utviklingsarbeid på er instrumentell og rasjonalistisk i den forstand at den forsøker å forme framtida ut i frå ei oppfatning av at det føreligg klare mål, og årsak/verknad er kjent. Motsetninga vil vere å møte framtida gjennom å bringe til torgs tankar, visjonar og mål frå aktørane som skal forme framtida.



Figur 1. Å møte framtida. Kjelde: Nilson J.E. -Blomstrande næringsliv



Figur 2. Regional kapabilitet som eit samspel mellom materielle og relasjonelle forhold.

Den regionale evna til å utvikle og gjennomføre mål og tiltak handlar om i kva grad samspel og samhandling mellom dei tre "aktørane" offentleg verksemd, privat næringsliv og sivile samfunn fungerer eller ikkje. Fragmenterte samfunn vil ha mindre regional (capability) evne enn samfunn der dette er institusjonalisert. Dette set krav til regionane, at dei har evne til å utnytte dei moglegheitene som ligg der i ein felles "ressursbank", samansett av naturgjevne føresetnadar, kunnskap, sosial og økonomisk kapital. Evna til regionen, eller kapasiteten til å ta i bruk ressursane, handlar om kapabilitetsbygging (Selstad og Onsager 2004).

I vår regionale kontekst handlar det om i kva grad regionen og den enkelte kommune er i stand til å nytte seg av dei moglegheitene nye vegsamband gjev oning for, om det til dømes er etablert nettverk og møteplassar som gjer at ein kan dra nytte av betre kommunikasjonar, kortare fysiske avstandar mellom ulike miljø, om det er kultur for å tenkje utvikling og nyskaping (gründerkultur) etc. Aktørar som utgjer ulike segment vil representere ulike sett av verdiar og normer, og representere mange forskjellige kulturar. Det representerer både ei utfordring og ei moglegheit. Utfordringa ligg i å sameine ulike kulturar i eit utviklingsfellesskap som er i stand til å definere felles utfordringar og få omsett dette til handling. Moglegheita ligg i nettopp det at aktørane er ulike. Det vil tilføre mange fleire forskjellige ressursar til utviklingsfellesskapet enn kva segmenta kvar for seg utgjer. Like aktørar vil i stor grad tenkje likt, medan ulike aktørar vil i sum bringe fleire ulike tankar til torgs. Materielle forhold vil kunne vere næringsmessige, inntektsmessige, geografiske, demografiske m.v. medan relasjonelle føringar vil kunne vere samspel mellom sektorar (privat, offentleg, frivillig samfunn). I kor stor grad ein evnar å samhandle på tvers av sektorar for å dra i same retning seier noko om kva "handlingskapasitet" ein har. Kapasiteten kan påverkast og utviklast, og i kva grad ein maktar å opptre "samla" vil m.a. påverke i kva grad ein er attraktiv, både internt (eigne innbyggjarar) og eksternt (potensielle nye innbyggjarar).

### Dynamiske regionar og lokalsamfunn

Entreprenørielle ferdigheiter, haldningar og kunnskap inngår i den sosiale, eller institusjonelle kapitalen til eit samfunn. Utvikling av dynamiske lokalsamfunn der det føregår stor grad av samhandling, og der ein i stor grad deler oppfatning av notida og synet på framtida, er ein ønska situasjon (Amdam og Amdam 2000). Institusjonell kapital er å forstå som eit tillegg til økonomisk kapital og fysisk kapital (naturressursar, areal, infrastruktur m.m.)

Ein slik strategi utfordrar lokalsamfunn til å tenkje nye parterskap, til å samarbeide med nye aktørar som ikkje har vore sett på som relevante samarbeidspartar tidlegare. Nye aktørar har gjerne også med seg annan kunnskap og andre perspektiv på korleis kunnskap og handling kan koplast. Før den nye kunnskapen kan takast i bruk av fellesskapet, må den oppfattast, akseptert og implementert. Aktørar må oppfattast som politiske aktørar, (politikarar), forvaltningsaktørar (formelle aktørar), frivillige aktørar (frivillige lag og organisasjonar) og private aktørar (det enkelte individ). I realiteten inneber dette at alle har eit ansvar for utvikling i sin region, i sin kommune, sitt lokalsamfunn og i sitt nærmiljø (Dvergsdal 2010).

For å bevege seg mot meir dynamiske samfunn med utvikling og deling av kunnskap, fleire relasjonar og meir horisontale strukturar, handlar det om utvikling av den institusjonelle kapitalen; å auke handlingskapasiteten (institusjonell kapasitetsbygging), ved å auke dei samla kunnskapsressursane og relasjonsressursane. Eit lokalsamfunn sin institusjonelle kapital kan handle om omfang av institusjonane si påverkingskraft (organisasjonar, normer, konvensjonar m.v.) og fleksibilitet (evne til utvikling av organisasjonar, normer). Det handlar også om kunnskap, ulike typar kunnskap (taus og formell), innovasjonsevne og grunnlaget for utvikling av tillit. Ein region med stor kollektiv handlingskapasitet aukar sine mulegheiter til å påverke omgjevnadane sine, men reduserer samstundes mulegheitene for individuelle handlingar (Healy m. fl.1999). Kollektiv handlingskapasitet blir såleis oppnådd på kostnad av individuell handlingsmulegheit, det vil seie at ein må gje avkall på individuelle fordelar for å oppnå kollektive gode.

Med ei regionforstørring slik det skjer gjennom nye vegsamband (Kviven, Stad skipstunell, Bremanger I og II), vil evna til å finne fram til, og ta i bruk nye samarbeidsarenaer og partnerskap, vere viktig for den regionale utviklingskapasiteten. Mulegheitene blir skapt gjennom endringar i konteksten, å ta dei i bruk og nytte dei på ein positiv måte, er opp til aktørane.

## Attraktivitet

Kva er attraktivitet, og korleis bli attraktiv? Kor mykje betyr det å ha mange arbeidsplassar, butikkar, kafear osv., og er ein by meir attraktiv enn ein tettstad? Kor mykje har klima, natur og kultur å seie for attraktiviteten, og kan attraktiviteten påverkast? Å framstå som attraktiv, er relevant å sjå i høve til materielle og relasjonelle føringar. Materielle føringar vil gjelde både over for næringslivet og over for sivilsamfunnet. Med materielle føringar tenkjer vi gjerne på tilrettelegging av areal og anna infrastruktur, klimatiske og topografiske tilhøve, sørvis og omsorgstilbod, omfang (støtte til) av lag og organisasjonar m.v.

Regional utvikling handlar mellom anna om å utvikle arbeidsplassar, og då helst kunnskapsintensive arbeidsplassar. Innflytting og vekst vil gje grunnlag for lokalt baserte arbeidsplassar. Kampen om arbeidskrafta gjer at det ikkje er nok å tilby arbeid, regionen må også vere attraktiv nok til at nokon synest det er spennande å flytte dit. For ein kommune vil det på same vis handle om å vere attraktiv nok til at potensielle nye innbyggjarar ynskjer å busetje seg der framfor å pendle inn og ut.

Attraktivitet er også nært kopla til identitet. Identitet er naturleg å tenkje i høve til kva følelsesmessig tilhøyring ein har til eit område, og det kan koplast til jobbrelatert tilhøyring. Attraktivitet har også blitt definert som eit område si evne til å tiltrekke seg innbyggjarar, målt etter regionen sin arbeidsmarknad. Utvikling i folketal skuldast gjerne to ting; næringsutvikling som gjev arbeidsplassar



og attraktivitet som tiltrekkjer seg nye innbyggjarar. Nye innbyggjarar kan vere tilbakeflytte eller innflyttarar. For dei som vel å flytte tilbake, vil lokal tilhøyring ofte ha noko å seie for dei vala dei gjer. For dei utan lokal tilknytning vil det vere ulike ting som avgjer om dei vel å flytte til ein stad. Om ein vel å bli verande avheng mellom anna på korleis ein blir tatt i mot, kor god kommunen og regionen er på å fylle vertskapsrolla på ein måte som gjer at dei føler seg verdsette (Dvergsdal, Aarset, Båtevik 2013).

Med ei stor spennvidde i dei topografiske, næringsmessige, kulturelle og kompetansemessige føresetnadane i regionen, burde det ligge godt til rette for ei positiv utvikling i regionen.

## Opningar og utfordringar – vegen vidare for Nordfjord

Dette kapitlet tek sikte på å trekke opp dei linene knytt til dei opningane som ligg for utvikling av Nordfjord-regionen, men også dei utfordringane som ligg det. Basisen for denne drøftinga ligg i analysane i dei påfølgjande kapitla. Den som ønskjer å gå nærare inn på grunnlaget for drøftinga, vil finne dette seinare i rapporten.

I rapporten har vi samanlikna Nordfjord med Indre Nordmøre og Indre Sunnfjord. Utviklinga på Indre Nordmøre har tidlegare vore analysert i eigne rapportar (Amdam og Båtevik 2004, Båtevik, Dvergsdal og Amdam 2012). Dei tre regionane har fleire fellestrekk. Ein del utviklingstrekk går att frå region til region. Samtidig er det også mykje som skil. Indre Sunnfjord representerer den sterkaste vekstregionen i Sogn og Fjordane, med eit klart definert sentrum. Slik set er Nordfjord og Indre Nordmøre i utgangspunktet meir like. Dei har på mange måtar eit fragmentert preg, der til dømes den kommunikasjonsmessige samanbindinga mellom dei ulike kommunane varierer. Delar av regionane har også gode kommunikasjonslinjer mot naboregionane, medan andre i mindre grad har ei slik påkopling. I det store og det heile skårar likevel Nordfjord betre på enn heil rekke indikatorar enn Indre Nordmøre. Regionen har i det heile fleire opningar for vidare utvikling, men også klare utfordringar.

## Befolkningsutvikling og rekrutteringsutfordringar

Sett i eit 25-årsperspektiv har det skjedd store endringar i befolkningsutviklinga i Nordfjord. Isolert sett er det rett nok snakk om ein liten nedgang i folketalet. Samanlikna med Indre Sunnfjord har likevel Nordfjord tapt terreng. For 25 år sidan budde klart fleire menneske i Nordfjord enn i Indre Sunnfjord. I 2013 er biletet snudd heilt om.

Det er to underliggande forhold som ein bør vere særleg medvitne om i forhold til desse prosessane. Det første er den uttynninga som skjer i rekrutteringsgrunnlaget. Parallelt med dei kulla som i løpet av dei næraste åra er på veg ut av arbeidsmarknaden er store, må ein basere «eigenrekrutteringa» på små årskull. Dette er ein trend som påverkar mange regionar i distrikta. Berre regionar som har vore prega av tilflytting og relativt høg etableringsgrad hos unge vaksne over lang tid, har unngått ei slik utvikling. Mange unge i etableringsalder gir fleire barn. Færre unge i etableringsalder gir færre barn. Slik sett er det ein nær samanheng mellom langvarige flyttetrendar og veksande eller minkande barnekull. Når det er meir enn 300 færre nordfjordingar i alderen 10-14 år i 2013 jamført med 10-14-åringane 25 år tidlegare, er det også færre med lokal tilknytning «å ta av» når framtida skal utformast.

Ei av dei store utfordringane i åra som kjem er knytt til den komande eldrebølgja. Nordfjord er i så måte ikkje noko unnatak. Mange næringar har stort innslag av tilsette i aldersgruppene 55 år og over. Samtidig er dei lokale rekruttane er langt færre enn tidlegare, rett og slett fordi kulla er mindre. Det er i tillegg høgst realistisk at ein gode del unge nordfjordingar, også frå desse små kulla, vil søke ut av regionen for å ta utdanningar, finne arbeid og søke andre utfordringar som dei opplever som attraktive utanfor regionen. På den måten blir kulla ytterlegare reduserte, dersom ein ikkje kan kompensere med innflyttarar. Resultatet blir at det er desto viktigare at regionen blir opplevd attraktiv for potensielle innflyttarar. «Vinnarregionane» framover blir i enno større grad enn tidlegare dei regionane som blir opplevde som attraktive for tilflyttarar.

Då kan det vere interessant å sjå på endringane i folketalsutviklinga i Nordfjord dei siste åra. Nordfjord er ein av dei regionane som har hatt vekst i folketallet frå 2008. Innvandring er eit viktig stikkord her. Det er rett nok ikkje slik at innvandringa til Nordfjord er spesiell høg. I den analysen som er gjort her, har Indre Nordmøre til dømes større innvandring år for år enn Nordfjord. Forskjellen ligg derimot i det at mange innvandrarakar blir verande i regionen. Nordfjord har såleis ein større del av befolkninga med utanlandsk bakgrunn enn både Indre Sunnfjord og Indre Nordmøre. I dette ligg det at mange av dei innvandrarakane som kjem til Nordfjord opplever regionen som attraktiv og/eller opplever arbeidsmarknaden som attraktiv. Eit viktig kriterium for å rekruttering framover, er å kunne greie å integrere dei som kjem utanfrå, anten dei kjem frå andre land eller frå andre delar av Noreg.

Innvandringa gir likevel ikkje svar på alle demografiske utfordringar, i alle høve ikkje så langt. Kvinneunderskotet blant befolkninga i etableringsalder er til dømes stort i Nordfjord. Arbeidsinnvandringa er truleg med på å forsterke dette. Spørsmålet er om arbeidsinnvandringa også vi styrke familieinnvandringa på sikt, og på den måten dempe effekten av kvinneunderskotet over tid.

### **Høgare utdanning bestemmer kompasskursen for unge**

Vi ser i dag tre megatrender; akademisering, urbanisering og individualisering. Lokalisering av høgskular og universitet avgjer kvar unge vel å busette seg og det påverkar næringsstrukturen. Storbyane er magnetar og tiltrekkjer seg i aukande grad dei unge og velutdanna. Sentraliseringstakta var igjen aukande frå 2010 etter å ha vore avtakande frå 2006 (SSB). Det betyr at dei mest sentrale kommunane hadde eit flytteoverskot i 2011. For Sogn og Fjordane er det likevel positivt at det er fleire i aldersgruppa 30 – 39 år som i dag flyttar til fylket enn tidlegare. Sentraliseringstendensen er den same som på nasjonalt nivå. Dette gjer at mykje av verdiskapinga skjer her, og desse prosessane er sjølvforsterkande. Nye verdiar i dag er individualisering av arbeidsliv og næringsliv. Nordfjord og andre regionar som ligg utanfor dei store byregionane kan vanskeleg konkurrere på same vilkår som storbyane. Dette vil nok gi seg utslag i at unge nordfjordingar framleis vil søkje ut av regionen, der ein del også aldri vil vende tilbake for å busette seg i heimtraktene. Då er det viktig at ein er medviten om kva kvalitetar som kan det gjere det attraktivt for andre å kome til Nordfjord.

### **Eit variert butilbod**

Tilrettelegging for meir attraktive buområde og bu-alternativ er viktig for å skilje seg ut og bli opplevd som interessant. Tilgang til ein stad å bu er eit basisbehov, enten ein er tilflyttar eller ikkje. Tilbakemeldingane viser at dette er eit større problem i nokre kommunar i Nordfjord enn andre. Inntrykk er likevel at det er eit generelt problem i regionen. Spesielt gjeld dette å kunne tilby gjennomgangsbustadar i ulike størrelsar. Dei fleste vil gjerne «prøvebu» ein stad før ein vurderer å etablere seg. Her vil det vere behov for ulike typar (størrelsar) alt etter familiesituasjonen til den enkelte. Dette er ei av dei klare tilbakemeldingane frå ungdomspanelet. Panelet har erfart at det er generelt dårleg tilgang på kommunale leilegheiter og attraktive tomter. I enkelte kommunar blir det påpeika at manglande oppdatering av planverket gjer det vanskeleg å få frådelt tomter.

Sjølv om det er tilgang på ledige tomter, er det ikkje sikkert at desse blir oppfatta som attraktive. Kva som er attraktivt er ei subjektiv vurdering. Difor er dette vanskeleg. Det naturlege vil vere å ta utgangspunkt i dei spesifikke kvalitetane ein har å tilby i større grad enn å kopiere tilrettelegging på meir urbane premissar. Dei som ynskjer å flytte til eit område har gjerne preferansar som «styrer» deira val. Bete kunnskap om kva ulike grupper ønskjer, vil kunne gje ei meir målrette tilrettelegging.

Informasjon om kva som er tilgjengeleg er også ei utfordring som blir trekt fram. Dette bør vere enkelt å ta tak i.

Utan tilgang på bustad blir det også vanskeleg å rekruttere for bedriftene. Rett nok varierer rekrutteringsutfordringane ein del mellom bedrifter. Nokre opplever at det går greitt. Andre peikar på at dette er eit problem.

«Bustadområdet» generelt er eit område som ingen har eit spesifikk ansvar for. Det offentlege har eit ansvar for tilrettelegging for brukarar med spesielle behov, private aktørar står for bygging, sal og utleige elles. For næringslivet er det likevel eit svært viktig område for å rekruttere arbeidskraft. Difor er dette eit område der ein bør setje seg ned å drøfte gjennom kva som er behovet, og finne løysingar som kan gje eit variert og tilstrekkeleg tilbod til å bli attraktiv som kommune og region.

### Nettverk og møteplassar

Samarbeid om felles løysingar er viktig for å utvikle seg vidare. «Vi er for dårlege til å finne arenaer uavhengig av bransjar» (næringsorganisasjon). Mange peikar på behovet for å løfte seg ut av det daglege og legge meir ressursar i «dugnadsarbeidet» som det ofte er når nettverk skal etablerast og vedlikehaldas. Ein veit ofte for lite om kvarandre, og det blir trekt fram at det er få treffpunkt eller konferansar i regionen. Det er likevel fleire gode døme på nettverk som er etablert og som ser ut til å fungerer godt, til dømes Maritimt forum Sogn og Fjordane, kommunale nettverk på tvers av bransjar med meir.

I slagordet heiter det at miljø er smartare enn enkeltbedrifter. Kreativitet og impulsar kan dyrkast utan å konkurrere på individuelle ferdigheiter, eksempelvis at ein både samarbeider og konkurrerer. Nettverk vil alltid vere strategiske i tyding av å vere nyttemaksimerande for den enkelte. Det andre poenget er å bygge store nok fagmiljø til å styrke rekrutteringa. Rekruttering er ei stor, felles utfordring for heile regionen.

Regionen har ein samansett næringsstruktur og eit mangfaldig næringsliv. Av den grunn har ein også ulike kulturar som det vil vere nyttig å kople tettare saman. Å skape ein felles nettverksarena for heile regionen kan såleis vere ein god start og eit viktig tiltak, eit tiltak som heller ikkje er spesielt kostnadskrevjande *Det skjer masse spennande på kysten, men ingen her har vore på hugget og tatt ein del av kaka. Vi må stå samla og prøve å få dette til før mulegheita forsvinn* (næringslivsleiar) *Vi er ikkje framande for samarbeid, både Reisemål Stryn og Nordfjord og IKT senteret er døme på samarbeid i heile regionen (næringsutviklar)*

### Eit næringsliv på kunnskapsvandring

Næringslivet har gått frå å vere ressursbasert, industriell produksjon der mykje av kompetansen er erfaringsbasert og i stor grad bygd på lokale nettverk og realkompetanse, til å vere meir kunnskapsbasert tenestyting (foot-loose). Næringslivet blir meir og meir basert på høgteknologi, industrielle prosessar, design- og systemløysingar, kreativitet og innovasjonsevne med meir. Kunnskapen vil vere FoU- basert og tilknytt ein global «kunnskapsallmenning» med høg grad av formalkompetanse. Evna til å bygge strategiske nettverk vil bli viktig for å møte framtidens kunnskapsintensive næringsliv.

## Gullkysten

Mykje av verdiskapinga føregår i dag på kysten gjennom det som skjer i marine og maritime næringar gjennom nærleiken til ressursane i havet. Dette er næringar som er internasjonalt orientert med utviklingsorienterte bedrifter som inngår i sterke klynger. Ei av utfordringane for desse næringane, spesielt den maritime, er permanent underdekning på kompetent arbeidskraft. Difor vil tiltak som kan gje ein betre integrert arbeidsmarknad på kysten mellom Florø og Herøy vere viktig for denne delen av regionen.

Kommunikasjonane på kysten er i dag for dårlege til at det er muleg å pendle, til dømes mellom Måløy og Florø eller nordover til Fosnavåg. Når Stad skipstunell blir ein realitet vil det gje betre mulegheiter for pendling mellom Søre Sunnmøre og Nordfjord. Ei pendlarrute med båt mellom Måløy og Florø ville gitt tilsvarande mulegheiter sørover.

Det må vidare understreka at det ikkje er slik at nye og betre vegar åleine er nok til å skape utvikling. Det må leggast til rette for å kunne dra nytte av ny og betre infrastruktur. Slik tilrettelegging vil vere viktig både for den enkelte kommune og for regionen. Når nye vegar endrar kommunikasjonsmønsteret, vil også funksjonane i den enkelte kommune og regionen kunne bli påverka. Difor vil det vere nyttig å sjå på korleis ein på best muleg måte kan legge til rette gjennom ei funksjonsfordeling der kommunane i fellesskap vurderer kva den enkelte kommune og kommunane i fellesskap har best føresetnadar for å «levere». I forkant av slike prosessar vil det ofte vere nyttig å vurdere, og eventuelt også spørje brukarane korleis dei opplever at ting fungerer. Ei funksjonsfordeling som må fungere for brukarane om den skal vere vellukka.

## Bygge Nordfjord som merkevare

Nordfjord har eit variert og rikt næringsliv og såleis mange bein å stå på. Det er færre arbeidsplassar innan offentleg forvaltning enn i til dømes i Indre Sunnfjord, men fleire innan privat sektor og offentlege føretak. Helse- og sosialtenester, industri og varehandel er dei største næringsgruppene. Det kan virke som det er ein kultur for nyskaping og utvikling som har gjort at regionen samla sett har klart fleire rundar med omstillingar. Regionen orienterar seg både mot naboregionane og ut av fylket/landet for å skaffe vekst.

Det er likevel ikkje til å kome bort frå at regionen i dag slit med å opptre samla og satse kollektivt på utvikling. Lokaliseringsdebattane knytt til helse og samferdsel har noko av skulda for dette, og polariseringa mellom ytre, midtre og indre har til dels blitt forsterka gjennom lokale og regionale media. Polariseringa mellom fogderia har også blitt forsterka mellom anna på grunn av sjukehusstriden;

*Sjukehusstriden har også vore vanskeleg, Nordfjord er dødeleg fornærma og det kjem til å ta lang tid før det går over. Folk reiser ikkje lenger til Førde, dei vil ikkje leggje igjen pengar der, dei tek heller med seg sin eigen kaffi om dei må reise igjennom (næringslivsleiar)*

Mykje tyder likevel på at det blant sentrale utviklingsaktørar er ein grunnleggande positiv vilje til å tenkje meir samarbeid i regionen. Det er også ein god del lik oppfatning av utfordringane for regionen. Dette kjem tydelegast fram blant deltakarane i ungdomspanelet, som uavhengig av kor i Nordfjord dei kjem frå, i stor grad opplever dei same utfordringane og ser dei same mulegheitene for

å utvikle regionen. Disse representerer framtida, difor bør deira synspunkt vege tungt i valet av strategi for vidare utvikling av Nordfjord.

Spenningane mellom det lokale og regionale er interessant i forhold til at regionen har fire relativt jamstilte senter og fire lokalaviser med ei klar forankring i kvar sine delar av regionen. Begge deler har sine ulemper. Med eit definert sentrum kan det vere lettare å einast om lokalisering av funksjonar som alle har behov for. Den lokale marknaden blir også større om mange funksjonar og menneske er samla på ein stad enn om dei er spreidde til ulike delar av regionen. Om ein har regionavis, i staden for fleire lokalaviser, er det større sjanse for at den redaksjonelle innretninga også har meir fokus på regionale spørsmål. Slik situasjonen er i Nordfjord no, må ein uansett ta utgangspunkt i den strukturen som ligg der, men samtidig vere obs på kva som skal til for at denne strukturen ikkje forsterkar dei tendensane til fragmentering som ligg i regionen.

Regionen bør bli betre på å tenkje regionalt, det må bli viktigare at ting skjer i regionen enn i den enkelte kommune. Hovudmålsetjinga bør ikkje vere at dei andre skal få mindre enn ein sjølv, ein må bli meir rause på vegne av regionen og heller dyrke suksesshistoriene i regionen og gjennom det byggje eit positivt image som verkar tiltrekkande og ikkje avskrekkande for dei som vurderer å etablere seg her.

Å byggje Nordfjord som merkevare vil vere å fokusere på det ein er god på, dei kvalitetane ein faktisk har, og legge til rette for at dei ein ikkje har kan skaffast andre stadar. Dei urbane miljø, «bykvalitane» vil ein ikkje finne i Nordfjord. For mange av dei som bur i regionen i dag og dei ein ynskjer skal flytte til regionen, vil det vere attraktivt å kunne ha tilgang til urbane kvalitetar. Gode kommunikasjonar ut av regionen er difor viktig på lik linje med gode kommunikasjonar intern for mest mogleg effektiv pendling. God tilgang på areal, lett tilgang til natur og friluftsliv er noko av det generelle bildet av fylket og regionen. Utfordringa er å legge til rette på ein måte som gjer at desse kvalitetane blir tilgjengelege og synlege.

## Synspunkt på Nordfjord – sett frå ulike aktørar

For å kunne danne oss eit best mogleg bilde av utfordringane regionen står over for i høve til nyskaping og utvikling, har vi mellom anna intervjua sentrale aktørar frå offentleg og privat sektor som frå ulike posisjonar har synspunkt på tema nyskaping og utvikling. I tillegg har vi samla ei gruppe unge og nyetablerte personar som har valt å slå seg ned i Nordfjord. Korleis ser regionen ut sett frå desse to «gruppene»?

### Synspunkt blant sentrale utviklingsaktørar

Ulike sektorar/næringar ser ulike utfordringar, og bildet som vert teikna er heller ikkje likt for regionen. Vi har gruppert informantane våre i fire «boksar»; næringsorganisasjonar, politisk nivå i kommunane, næringsliv og andre (som ikkje klart kan plasserast i dei tre andre boksane), og sortert utfordringane som representantar frå dei ulike «boksane» peikar på. Dette kan framstillast på følgjande måte:

Næringsorganisasjonar	Politisk	Næringsliv	Andre
<b>Folketalet</b>	Samarbeid om næringsutvikling	Skaffe nøkkelpersonell	Regionalt samarbeid
<b>Samferdsel</b>	Skaffe lokal arbeidskraft	Tilgang på næringsareal	Entreprenørsakp
<b>Rett kompetanse</b>	Folketalsutvikling	Næringsutvikling	Intreprenørskap
Utflytting	Handel og sørvis	Samhandling og dialog	Rekruttering
<b>For dårleg etablerarhjelp</b>	Riktig kompetanse	Kompetanse i offentleg byråkrati	Risikovillig kapital
Meir privat tenesteyting	Samferdsel	Kapasitet, kompetanse og kapital i off. og privat næringsliv	Elektronisk infrastruktur
For mange lokalaviser	Tomtemulegheiter	Infrastruktur	
<b>Rekruttering</b>	Næringsareal	Rekruttering av kvalifisert arbeidskraft	
Å bli kvalifisert til leveranse i oljenæringa	Strandsoneforvaltning	Tilgang til kreativt hjelpeapparat	
<b>Kortsiktig perspektiv på rekruttering</b>	Fleire gründerar	Kapital, virkemiddel	
Feil utdanning	Kapital	Kompetanse	
Integrering	For små kommunar	Vegar og flyplass	
<b>Samferdsel og kommunikasjon</b>	Koordinert bu- og arbeidsmarknadsregion		
<b>Kapital</b>	Samferdsle	Bustad	
Marknadsføring	Næringsareal	Rekruttering	
Navlebeskuande	Rekruttering	Bygge større bu- og arbeidsregionar	
	Folketalsnedgang		
	Gjennomgangsbustadar		
	Regionalt senter		
	Risikokapital		

Regionen har nokre utfordringar som blir oppfatta å vere meir vesentlege enn andre; *rekruttering, tilgang på (risiko)kapital og samferdsel*. Å rekruttere nok, rett kompetanse er ei utfordring som både privat og offentleg næringsliv peikar på som ei stor utfordring. Tilgang på kapital, og då spesielt risikokapital, blir trekt fram spesielt av næringslivet. I tillegg er folketalsnedgangen noko som bekymrar mange og blir trekt fram som ei stor utfordring..

### **Rett og tilstrekkeleg kompetanse**

Å skaffe rett og tilstrekkeleg kompetanse er ei utfordring som ikkje er spesiell for Nordfjord. Mange stiller spørsmål ved at definisjonen av «kompetansearbeidsplassar» ofte blir definert som høgare utdanning. Dei fleste næringane står for produktutvikling og ein produksjon som krev høg kompetanse på alle nivå, ikkje berre frå høgskular og universitet. At stadig fleire reiser ut til byar og tettstadar for å ta høgare utdanning fører også til at mange av dei som har tatt fagutdanning lokalt reiser etter fordi det er der kameratane og venninnene deira er. Utfordringa å rekruttere og behalde lokal arbeidskraft blir av den grunn ekstra stor. I tillegg peikar nokre på at det blir utdanna «feil» studentar, studentar med ein kompetanse næringslivet ikkje har behov for.

Ofte vil det vere behov for å skaffe jobb til to med høgare utdanning når ein skal rekruttere nye medarbeidarar, Nordfjord-regionen viser seg då gjerne å vere for liten. Difor blir det peika på behovet for ein meir dynamisk og effektiv bu- og arbeidsmarknadsregion. Det inneber ein meir effektiv infrastruktur, større bransjebreidde (meir samarbeid), kritisk masse og større mangfald. Eit anna punkt som også blir nemnt er evna til å integrere tilflyttarar og innvandrarar, som også er ein del av det å bli ein meir attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion. I rekrutteringssamanheng er det stor interesse for å rekruttere utanfrå (utlandet), men ofte er språkbarrieren så stor at mange skuggar unna.

### **Samarbeid om utdanning og rekruttering**

Næringslivet er opptekne av at ungdomen vel fag og yrke som næringslivet har behov for. Difor blir det påpeika kor viktig det er å ha direkte dialog med skulane, spesielt ungdomsskulane. Fleire av informantane peikar også på at bedriftene ofte har eit kortsiktig perspektiv på rekruttering av kompetanse.

Norsk skule har alltid utdanna arbeidstakarar, men dette bør i større grad pensast over på å utdanne gründerarar og entreprenørar. At ein blir trena i å sjå mulegheiter, enten som arbeidsgjevar eller arbeidstakarar er viktig for lokal verdiskaping, men også for å bygge lokal identitet og attraktivitet. Intraprenørskap<sup>3</sup> er minst like viktig i dag som entreprenørskap og krev same basiskunnskap. Ei bedrift, ein kommune eller ein skule der det «lov» å vere kreativ, der det er kultur for å leite etter forbetringar og at dette blir verdsett, vil gjerne bli oppfatta som meir attraktiv. Samstundes vil elevar som deltar i slike prosessar få betre kunnskap om, og kjennskap til, det lokale og regionale næringslivet.

Næringslivet treng fleire med rett kompetanse. Kva er rett kompetanse, og korleis skal ein få ungdom til å velje dei faga og skaffe seg den kompetansen bedriftene og regionen har behov for? *Det er*

---

<sup>3</sup> Intraprenørskap som begrep representerer ei ny tilnærming for å utvikle nye inntekstmoglegheiter og forretnings-områder enten internt i eksisterande organisasjonar eller ved spinoff i form av nyetablerte bedrifter. – Forskningsrådet



*mange kjekke fag men som næringslivet ikkje har behov for.* Meir samarbeid mellom bedriftene, skulane og kommunane for å tenkje gjennom kva som er det langsiktige behovet, og korleis dekkje opp dette, står sentralt i å sikre nok og rett kompetanse i framtida. Nokre tar også til orde for å kunne samarbeid om spisskompetanse, til dømes ingeniørar, der ei bedrift som ikkje har behov for eit heilt årsverk, kunne samarbeide med andre bedrifter.

Informantane peikar på at dei med lokal/regional tilknytning er lettare å rekruttere enn utan, men at aukande konkurranse frå mellom anna oljeindustrien gjer det vankeleg å konkurrere.

### **Kampen om kompetansen**

Kampen om dei kloke hovuda vil truleg berre bli skjerpa i framtida. Fleire og fleire tar høgare utdanning, og dei kunnskapsintensive funksjonane samlar seg i aukande grad i byane. Utfordringa blir difor å bygge lokal identitet blant dei unge, bli meir bevist på eigne vegne (bedrifter/kommunar) på dei kvalitetane ein faktisk har. Samstundes må ein innsjå avgrensingane, blant anna når det gjeld «urbane kvalitetar» og heller vere meir beviste på å legge til rette slik at ein både kan få ein smak av det urbane livet og dra fordelar av rurale kvalitetar som trygge og oversiktlege oppvekstvilkår, låge bukostnadar med meir. Sjølv om fylket har blitt flinkare til å profilere seg, mellom anna gjennom «Framtidsfylket», der mange ulike aktørar deltek, er det likevel grunn til å tru at mange framleis ikkje veit nok om kva som skjer i fylket og regionen. Kanskje manglar ein dei rette kanalane for kopling, spesielt for unge arbeidstakarar?

### **Regional infrastruktur**

Infrastruktur er den grunnleggjande strukturen som skal til for at eit samfunn skal fungere effektivt. Det omfattar vegar, flyplassar, båt- og ferjeruter, tele- og elektrisitetsforsyning, vatn og avløp, fyr og sjømerker etc. I kva grad ein kan påverke vedlikehald og utvikling av infrastrukturen varierer. Ein effektiv og velfungerande infrastruktur er viktig for at ein kommune eller ein region skal bli oppfatta som attraktiv eller ikkje.

### **Samferdsel**

Samferdsel blir trekt fram som ein avgjerande faktor for utvikling av regionen. Rv 15 (Måløy-Otta) er i dag opprusta med gul midtstripe frå Måløy til Stryn. Vidare austover er det arbeid på gang mellom anna på Strynefjellet. Rv 15 bind regionen delvis saman aust vest, medan E 39 er ferdselsåra nord-sør. Debatten om traseval for E 39 har skapt mykje diskusjon i regionen, vi vil ikkje gå nærmare inn på dette her. Avgjerda om kvar den skal gå vil etter planen kome i første halvdel av 2013.

Gode og effektive vegar er avgjerande for eksisterande næringsliv, for å kunne pendle i regionen og for å vere attraktiv for nyskaping og nyetablering. Samferdsel er viktig for å utvikle ein integrert bu- og arbeidsmarknadsregion. Nye og betre vegar, flyplassar og anna type infrastruktur endrar kommunikasjonsmønsteret på same vis som overgang frå sjø til land endra reise- og kommunikasjonsmønsteret tidlegare. Når fjorden var ferdselsåra var det eit anna samhandlingsmønster enn i dag, og mange kommunegrenser, regiongrenser og andre «institusjonsgrenser» er dregne på basis av ein annan regional røyndom enn den vi har i dag. I tillegg vil det vere ulike andre faktorar som påverkar samhandlingsmønsteret. Gloppen har til dømes lange tradisjonar for å søkje samarbeid mot Sunnfjord og spesielt Jølster og Førde, medan Hornindal i dag naturleg søkjer meir mot Sunnmøre, spesielt Volda/Ørsta. Kvivsvegen opnar for meir pendling mellom indre Nordfjord og store deler av Eiksundregionen.

I rapporten «Potensiale for regionforstørring», blir det til dømes peika på at kyst- og fjordområda frå Sognefjorden til og med Nordmøre (i tillegg til ein del område andre plassar i landet), *framstår med et vesentlig potensial for regionforstørring* (Engebretsen og Gjerdåker 2012). Dette vil likevel variere i forhold til kva vegprosjekt som blir realiserte. Faktorar som er vesentlege her kan vere kor store befolkningskonsentrasjonar som blir koplå saman, reiseavstanden mellom desse etter vegutløysinga og næringsstruktur i områda som blir koplå saman. I tillegg i kva grad ein gjennom vegutløysinga aukar tilgangen til regionale funksjonar, om ein legg grunnlag for å etablere nye regionale funksjonar og nye servicetilbod gjennom at marknaden for slike blir utvida. Også kva alternativ ein har til dømes gjennom nærleiken til større byar med eit breiare spekter av regionale funksjonar og etablerte servicetilbod og ikkje minst i kva grad ein har vilje og evne til å legge til rette og gripe dei mulegheitene som ligg i ei slik regionutviding (Båtevik og Dvergsdal 2012). Det som i alle fall er sikkert for Nordfjord sin del, er at det vil gå mange år før ei fjordkryssing blir realisert. I mellomtida må andre faktorar erstatte den limen som elles kan ligge i ei eventuell ferjefri fjordkryssing.

### **Tilgang på kapital**

Tilgang på risikokapital og kapital generelt blir påpeika å vere er ein kritisk faktor for utvikling. Private sin vilje til å investere er blitt mindre, samstundes har Innovasjon Norge mindre mulegheit til å bidra med kapital i dag enn tidlegare. Dei private bankane har mange reguleringar som reduserer deira mulegheit til å gå inn med risikokapital, og i sum betyr dette at det er blitt vankelegare å skaffe kapital av eit visst omfang for å investere i ein tidleg og usikker fase for bedriftene. Resultatet av dette kan bli at miljø utanfrå som har større økonomiske musklar kjøper opp dei mest spennande og lovande miljøa lokalt. Dette er naturlegvis ikkje ei regional utfordring for Nordfjord, men blir av mange trekt fram som ein kritisk faktor for utvikling i regionen.

### **Kultur for utvikling**

Det ligg eit potensiale i det som blir omtala som ein kultur for å støtte opp og fremje utviklinga i regionen. Viljen til nyskaping og etablering blir opplevd som reell og dette har også gitt utslag i konkrete og levedyktige etableringar. Å legge til rette for næringsutvikling blir påpeika som ein viktig faktor for utvikling og omstilling i Nordfjord. Her blir både tilrettelegging av næringsareal, betre tilbod til etablerarar og samarbeid om næringsutvikling trekt fram som dei viktigaste områda. I tillegg er rekruttering til Nordfjord eit viktig område der det kunne vore eit betre samarbeid. Sjølv om mange deltar gjennom «Framtidsfylket» er det behov og interesse for meir samarbeid her.

Nordfjord Vekst (Selje, Vågsøy og Eid) blir oppfatta å vere eit steg i rett retning. Fleire peikar også på at kanskje kan dette selskapet i framtida bli utvida til å omfatte heile Nordfjord. Maritim Forum Sogn og Fjordane er eit anna døme på tiltak som er positivt for å fremje næringsutvikling. Mange bedrifter er små og treng alliansepartnerar. Difor er nettverksbygging og opplæring/kvalifisering av leverandørindustrien for oppdrag innan olje og gass- industrien eit viktig område der Maritim Foreining har teke ei sentral rolle, også i Nordfjord.

Samarbeid skjer også gjennom Nordfjordrådet, men det blir påpeika at det kunne vore betre. *Det er ikkje så lett i Nordfjord, vi har ikkje tradisjon for å arbeide på tvers, i tillegg er mange grenser kunstige*

### **Ulike utfordringar for ulike næringer**

Sjølv om ulike næringer har ulike utfordringar, er det å rekruttere nok og rett kompetanse eit felles problem for både offentleg og privat sektor. Kompetansebehovet har endra seg i retning av i større grad vere spissa fagkompetanse. Det inneber at djupnekunnskapen må vere større på alle nivå, og

den må kontinuerleg oppdaterast. Fleire reguleringar nasjonalt og internasjonalt og totalt sett eit meir komplisert samfunn å operere i tilseier eit aukande kompetansebehov. I tillegg er det å vere tilgjengeleg, gode kommunikasjonar internt og ut av regionen mot markadar og kundar ei utfordring spesielt for dei som driv innan eksportretta verksemd.

Reiselivet møter heilt nye trendar i samfunnet. Det er i dag sterk konkurranse frå billegturar til utlandet, både privat og i kurs/konferansesamanheng. Kurs og konferansar vert no gjerne lagt til hotell ved flyplassar, gjerne i byar. Samstundes gjer den sterke kronekursen Norge til eit dyrt land å feriere i for utlendingar. Hotella møter store utfordringar marknadsmessig, og dei er størst for distriktshotella. Dette merkar også reiselivet i Nordfjord.

For deler av industrien er samferdsel ei ekstra stor utfordring på grunn av dårlege vegar som set avgrensingar på kor stor, og kva type aktivitet ein kan etablere. Når til dømes vegstandaren er så dårleg at dei største vogntoga ikkje kan nyttast eller at annan spesialtransport ikkje kjem fram, set det klare avgrensingar for aktiviteten. I deler av regionen er dette med på å avgrense mulegheitene for etablering av ny verksemd.

Offentleg sektor opplever ein trend med fleire lovpålagde oppgåver, meir detaljstyring frå fylke og stat samstundes som dei ikkje har ein heilskapleg politikk. Dette er noko den politiske leiinga trekkjer fram som ei utfordring i høve til å kunne påverke eiga utvikling i større grad.

### **Ulike utfordringar for ulike delar av regionen**

Ytre del av Nordfjord har vore prega av marine og maritime næringer. Dette er konjunkturutsatte næringer som også har vore gjennom store strukturelle omleggingar som har ført til tap av arbeidsplassar. Nye teknologibaserte arbeidsplassar har vore etablerte, men det tar tid å legge om næringsstrukturen og etablere fleire bein å stå på.

Midtre del av Nordfjord har hatt fleire offentlege arbeidsplassar og har såleis hatt ein annan næringsstruktur enn resten av regionen. Sjukehuset har vore ein viktig del av dette. Etter omorganisering av helsevesenet har mange arbeidsplassar blitt borte. Dei vidaregåande skulane på Nordfjordeid og på Sandane er ein annan viktig del av næringsgrunnlaget. Skulestrukturen i Sogn og Fjordane er under vurdering. Strukturelle endringar, sentralisering av funksjonar og endra kommunikasjonsmønster kan føre til tap av offentlege arbeidsplassar som må erstattast. Eid hadde også eit stort innslag av arbeidsplassar knytt til foredlingsindustrien som no er borte, medan Tine sitt anlegg i Gloppen framleis sikrar eit betydeleg tal arbeidsplassar i dette området. Midtre del av regionen har soleis vore gjennom ei omstilling der deler av næringslivet har blitt erstatta av nye næringer, mellom anna eit stort miljø innan elektro/automasjon, offshore/engineering og kultur, det siste ikkje minst representert gjennom etableringa av Opera Nordfjord.

Indre del av Nordfjord har eit meir variert næringsliv som har gitt fleire bein å stå på og dermed mindre sårbar for strukturelle endringar. I tillegg er reiselivet ei stor og viktig næring for denne delen av regionen. Mange arbeidsintensive og teknologibaserte arbeidsplassar gjer det ekstra viktig å sikre rekruttering i framtida dersom ein skal klare å oppretthalde noverande næringsstruktur. Reiselivet har også ein krevjande marknadssituasjon.

### **Kva har gitt utvikling i Nordfjord?**

Kva som har bidrege til utvikling av Nordfjord, vil vere mange små og store faktorar som har samverka over tid og drege utviklinga i positiv retning. Tidshorisonten er også viktig her, vi vil her

difor først og fremst peike på faktorar som peikar seg ut spesielt å ha medverka til positiv utvikling dei siste 10 – 15 åra.

Større bedrifter med ein variasjon i type arbeidsplassar er viktig for ein region. Dei vil gjere regionen meir synleg og attraktiv som arbeidsregion, og vere viktig for å kunne tilby både utflyttarar og tilflyttarar med ulik kompetanse arbeid. Det er fleire døme på slike i regionen, kraftbransjen og då spesielt SFE er eit slikt døme, TINE sitt anlegg på Byrkjelo er eit, Hotel Alexandra er eit døme, Domstein i Måløy er eit anna. I tillegg er det fleire mindre kunnskapsintensive bedrifter som har etablert seg både i Selje, Vågsøy, Eid, Sandane og Stryn som til saman gjer regionen attraktiv og nyskapande.

Innan samferdsel er det spesielt utbygginga av Rv 15 og flyplassane på Sandane og Hovden som har hatt stor betydning for utviklinga av regionen. Dette har ført til ein meir integrert bu- og arbeidsmarknadsregion. Kvivsvegen vil etter kvart også få stor betydning som eit utvida bu- arbeids- og handelsområde, spesielt for Indre deler av regionen, men også for midtre og ytre.

Etablering av ulike fellestiltak som NOMIL, IKT- samarbeid i kommunane og ulike andre område der det i dag er eit samarbeid, vil vi tru har ført til meir dialog mellom kommunane, meir felles behandling av brukarane som er positivt for regionen sett under eitt. I tillegg er Reisemål Stryn & Nordfjord eit anna døme, og Nordfjord Vekst (Selje, Vågsøy, Eid) er i oppstartfasen.

### **Dei viktigaste aktørane for utvikling i Nordfjord**

Vi har spurt informantane våre om kven dei meiner er dei viktigaste aktørane for utvikling i regionen. Svaret er ganske eintydig; Næringslivet gjennom bedriftene med eigarar og tilsette er dei viktigaste utviklingsaktørane i fylket. Dei lokale politikarane blir også helde fram som viktige aktørar, til dels også stat og fylke. Regionen har få statlege arbeidsplassar, og oppfatninga er at dei har spelt, og spelar ei mindre sentral rolle i regionen enn resten av fylket.

### **Samarbeid i regionen**

Det er mange ulike samarbeidskonstellasjonar i regionen, både innan privat og offentleg sektor. Kanskje kan mange ha ei oppfatning av det motsette når motsetningane knytt til sjukehus og samferdsel blir promotert på det sterkaste. I realiteten er det mange som samarbeider om mykje på tvers av kommunar, bransjar, sektorar med meir.

Utan at vi har gjort ei systematisk kartlegging av alle samarbeidsformene i regionen, kan fleire døme nemnast; Nordfjordrådet, interkommunale samarbeid som NOMIL, IKT- samarbeid, Nordfjord Hamn IKS, Reisemål Stryn & Nordfjord, ulike bransjenettverk som Maritim Forum Sogn og Fjordane, Trearbeidsringen (bedrifter som driv med trearbeid i Nordfjord), samarbeid mellom mekaniske bedrifter, ERFA, deltaking i Framtidsfylket, Nordfjord Vekst, Næringshagane, samarbeid mellom kommunar på helse og skule. I tillegg er det ei rekkje interne (kommunale) samarbeidsformer på tvers av fag og sektor i fleire kommunar.

### **Tankar om muleg samarbeid**

Det er mange spennande tankar om utvida samarbeid i regionen for å skape ny vekst og utvikling. Det spesielle med Nordfjord er at det er ein sterk næringslivsregion med mange store bedrifter, men også mange små og varierte bedrifter. Fleire trekkjer fram behovet for å skape eit betre gründermiljø for å få fleire bein å stå på. Dette er ei oppgåve der det vil vere naturleg at privat og offentleg sektor jobbar tett saman. Til dømes blir det peika på behov for møteplassar der bedriftsleiarar møtest for å

drøfte konkrete prosjekt og at ein gjennom vekstselskapa brukar krefter på innovativ tenking og nyskaping i større grad. Her vil det også vere naturleg at det offentlege bidrar til å knyte det heile saman på ein måte som kan skape ringverknadar for heile regionen.

Sjølv om det er ein del samarbeid i dag mellom bedrifter, blir det likevel peika på store mulegheiter for å utvide samarbeidet. Til dømes vil eit tettare samarbeid mellom industribedrifter og miljøet knytt til Fjordbase i Måløy gjere det lettare å bli synleg for større kundar og sertifisere seg for oppdrag innan olje og gassnæringa. Maritim Forum har her ei rolle i opplæring av leverandørindustrien som i denne regionen ofte er liten enkeltvis, men som gjennom samarbeid kan bli leveringsdyktig. Elles blir det peika på behov for meir bedriftssamarbeid generelt for å utvikle innovasjonsnettverk for etablering/knoppskyting og synergjar mellom bedrifter. *Nordfjord er for små og puslete no, vi brukar ikkje kvarandre på den måten vi kunne ha gjort (næringslivsleiar).*

Mange er opptatt av meir regionalt samarbeid som kan styrke regionkjensla og skape vekst og utvikling i heile regionen. Etter kvart som diskusjonane som har vore rundt spesielt helse, skule og samferdsel kjem i bakgrunnen vil føresetnadane for dette bli betre. Samarbeid om vegar og flyplassar for å styrke regionen intern og for å knytte den tettare opp til naboane i nord og sør er også trekt fram som viktig samarbeidsområde.

Meir samarbeid mellom kommun(ar)e og næringsliv blir også trekt fram. Kommunen har ei sentral rolle som tilretteleggar. Om dei ikkje har god nok oversikt over næringslivet sine behov framover vil dei kunne hemme utviklinga. Nordfjord er ein sterk næringslivsregion, men det blir hevda at næringslivet i for stor grad lever sitt eige liv. Meir formalisert samarbeid er nødvendig om kommunane skal kunne regulere for den veksten som er realistisk å rekne med, både direkte næringsretta men også bustadar og infrastruktur elles.

Inntrykket er at det er stor vilje til samarbeid, spesielt frå næringslivet, men også frå det politiske miljøet. Det er mange døme på funksjonssamarbeid og nettverksamarbeid, men kanskje bør det etablerast nye samarbeidsrelasjonar der ein kopljar saman nye miljø (nye fagområde) som ofte kan kome opp med nye løysingar. Politisk regional forankring er uansett avgjerande og må vere på plass for å få til eit breiare og meir forpliktande samarbeid. *Om vi skal skape vekst i heile Nordfjord og løfte regionen til nye høgder, må vi unne kvarandre at noko blir lagt til ein anna stad i regionen. Vi må tenkje at om det dryp på naboen dryp det på meg og (næringsutviklar)*

## Synspunkt blant unge i etableringsalder

For å få eit klarare «ungdomsfokus» på utfordringane for regionen, inviterte vi ei gruppe unge menneske som har etablert seg i regionen. Vi ynskte innspel frå unge og reflekterte personar som kunne tenkje høgt om korleis Nordfjord-regionen kan og bør utvikle seg vidare. Kva slags utfordringar ser dei, og kva slags framtidssisjon bør regionen sikte seg inn mot?

### **Kva skal ein satse på for å utvikle Nordfjord? Korleis kan det bli ein enda betre plass å bu?**

I utgangspunktet inviterte vi ei gruppe på 20 personar, med god hjelp frå sentrale utviklingsmiljø i regionen, fordelt på dei seks kommunane, ulik utdanning/yrkesbakgrunn, kjønn og alder frå 24 – 35 år. Av ulike årsaker var det fleire som ikkje hadde høve til å delta, og vi sat til slutt att med 11 personar som deltok på ein workshop på Eid. Her jobba ein først med å avdekke hinder for utvikling for så å sjå på mulegheiter for utvikling i regionen. Etter ein felles gjennomgang/presentasjon og

diskusjon rundt dei tema som kom opp, føretok alle ei individuell prioritering av dei viktigaste områda, som så vart jobba vidare med for å føreslå tiltak.

### Hinder for utvikling

Deltakarane peikar på ei rekke forhold som dei opplever som hinder for utviklinga i regionen.

Type hinder	Konkretisering
<b>Arbeidsplassar</b>	Attraktive arbeidsplassar som matchar utdanning/kompetanse
<b>Tilgang på bustad/ tomter</b>	Lettare tilgang på ulike typar bustadar, både for sal og utleige- liten tilgang til kommunale leilegheiter - mangel på attraktive tomter
<b>Regional ueinighet</b>	Interne kranglar i regionen om til dømes vegar, skular med meir verkar negativt
<b>Regiongrenser /Funksjonar</b>	Eksisterande regiongrenser har oppstått under andre føresetnadar, kan verke ueigna i dag, har også påverknad på funksjonar – ueigna regiongrenser i Nordfjord?
<b>Manglande regionalt samarbeid</b>	Er tydeleg når det gjeld E39
<b>Kommunegrenser</b>	Kommunesamanslåing
<b>Samferdsel / jobb / Pendling</b>	Dårlege vegar (spesielt i ytre) gjer det vanskeleg med jobbpendling - dårleg vegstandard og mangel på attraktive båtruter gjer det vanskeleg å jobbe i regionen og omlandet
<b>Marknadsføring</b>	Manglande (felles) marknadsføring av regionen, setje Nordfjord på kartet
<b>Gjennomføring av prosjekt</b>	Ha klart korleis gå vidare før ein set i gang prosjekt – mangel på tilgang på kapital til vidareføring
<b>Mangel på felles mål</b>	Næringsliv – kommunar talar ikkje «same språk»
<b>Fritidstilbod</b>	
<b>Kjennskap til kvarandre</b>	For dårleg kunnskap om kvarandre ytre – midtre- indre (manglar møteplassar)
<b>Risikokapital</b>	Betre tilgang på risikokapital (Innovasjon Norge er ikkje noko alternativ)
<b>Meir fart i utviklingsarbeidet</b>	Meir «skaparkraft» og gründerfokus
<b>Manglande basisbehov for tilflyttarar</b>	Eksempelvis tilgang på bustad, barnehageplass, skule
<b>Løfte blikket</b>	For opptatt med eigne lokale utfordringar – må sjå meir regionalt og mot naboane
<b>Frykt for «utfordrarar» med høgare utdanning</b>	Unngår å tilsetje personar med høgare utdanning i frykt for å bli utfordra på «heimebane»
<b>Mottaking i kommunen</b>	Føler seg motarbeidd i kommunen
<b>Tungrodd og byråkratisk administrasjon i kommunane</b>	Tar lang tid å få ting ordna
<b>Dårlege kommunale/interkommunale nettsider</b>	Lite brukarvenleg informasjon

<b>Kommuneplan</b>	Manglande oppdatering av planverket gjer det vanskeleg med til dømes frådeling av tomter
<b>Tomme hus som ikkje er tilgjengelege for leige/kjøp</b>	Mange attraktive står tomme, blir tilbydd dei som «ingen» vil ha
<b>Manglande ambisjonar for reiselivsutvikling</b>	Spesielt i ytre Nordfjord. Manglande basistilbod som til dømes matsservering med meir.
<b>Bevisstgjerjing på det ein har i regionen</b>	For lite merksemd på eigne kvalitetar
<b>Manglande engasjering av unge og framtidsretta i regionen</b>	Føler ofte at ein ikkje blir høyrte
<b>Tilflyttarar blir «skremte» bort</b>	
<b>Ulik verkelegheitsoppfatning</b>	Generasjonsmotsetningar?
<b>Manglande båtruter nordover</b>	For å knytte seg opp mot Sunnmøre
<b>Tilfeldig kommunal handsaming</b>	Personavhengig (i kommunane) om ein får respons eller ikkje
<b>Tilsetjingar i kommunane tar meir omsyn til interne tilhøve enn kommunen sitt beste</b>	
<b>Mangel på offentlege arbeidsplassar i utkantane</b>	
<b>Einsidig representasjon i politikken</b>	Mangel på representantar frå næringslivet
<b>Manglar (eller for dårleg) apparat for å ta i mot tilflyttarar</b>	Lite eller dårleg system for mottak og oppfølging av dei som flyttar inn i kommunane(regionen)
<b>Manglande gjennomføringsevne</b>	Ting blir sett i gang utan at det blir gjennomført, fører til dårlege prosessar som drep engasjement
<b>Mangel på leiging i kommunane</b>	
<b>Dårleg kommuneøkonomi</b>	
<b>Få ynskjer å engasjere seg politisk</b>	Demotiverande når det meste handlar om å kutte i tilbod- eksempelvis der oppvekst og kultur er eit område blir kulturen «strippa» for tilbod
<b>For få som engasjerer seg</b>	Ansvar for utvikling ligg hos alle innbyggjarane
<b>Nordfjord «får for lite» i høve til resten av fylket</b>	Ligg for langt unna fylkeshuset på Leikanger
<b>Uoversiktleg verkemiddelapparat</b>	Mange ordningar, mange aktørar, overlapping
<b>Manglande samhandling mellom kommunar</b>	Knytte kommunane meir saman og betre tilgang på informasjon
<b>Manglande utlysing av stillingar</b>	Tilsetjing gjennom kjennskap / nettverk

## Mulegheiter for utvikling

Gruppa såg også mange mulegheiter for utvikling av Nordfjord. Her er ei samla oversikt over tilbakemeldingane:

Mulegheiter /område
Nettverksbygging, mellom næringsliv /gründerar
Oljenæringa, meir aktivitet knytt opp mot olje/gass
Kartlegging av kompetanse – samarbeid mellom ulike etatar i ulike kommunar
Skape attraktive arbeidsplassar
Bygge Nordfjord som merkevare gjennom media/avis, bli meir synlege som region
Natur, formidling av kultur, reiseliv, turisme og landbruk
Synleggjering/marknadsføring av regionen mellom anna med jobbar, tomter, utleigehus etc.
Fokus på berekraftig utvikling
Attraktive tomter og hus/bustadbygging
Utvikle eit studiesenter /satellitt knytt opp mot etablerte FoU-miljø
Utvikle fagmiljø aquakultur etc.
Etablerarpakke, både for private og for næringslivet

## Prioriteringar

Panelet si prioritering av dei viktigaste mulegheitene å jobbe vidare med (i prioritert rekkefølge)

- 1) Bygge Nordfjord som merkevare gjennom media/avis, bli meir synlege som region
- 2) Attraktive tomter og hus/bustadbygging
- 3) Kartlegging av kompetanse – samarbeid mellom ulike etatar i ulike kommunar
- 4) Skape attraktive arbeidsplassar
- 5) Nettverksbygging, mellom næringsliv /gründerar
- 6) Utvikle eit studiesenter /satellitt knytt opp mot etablerte FoU- miljø
- 7) Natur, formidling av kultur, reiseliv, turisme og landbruk
- 8) Etablerarpakke, både for private og for næringslivet

## Korleis jobbe med å løyse dei viktigaste utfordringane?

Gruppene jobba vidare med å konkretisere tiltak for dei to viktigaste områda (tiltak nr 1 og 2), i tillegg vart det jobba med tiltak nr 4.

### Bygge Nordfjord som merkevare gjennom media/avis, bli meir synlege som region

- **Bevistgjeriing;** Kva er / har Nordfjord (+ eventuelt Sunnmøre)

Kva vil /skal Nordfjord være?

Kvifor gjer vi dette, for kven?

Definere interessentane til «prosjektet» (kommune, næring, lag/organisasjonar, kultur). *Kven må bli meir bevist på regionen sine mulegheiter?*

- **Bulyst, Livskvalitet,** å leve og bu i lokalsamfunna



- **Suksesshistoriene:** Spele meir på suksessane, kva er eller skal vere flaggskipa til regionen? Kva ynskjer vi å fremje. Må vere offensive i marknadsføringa, men samstundes ærlege. Skape omtale og samtale, og tørre å seie at vi har lukkast. Spele på naturen, «råskapen», kontrastane og mangfaldet
- **Mål/visjon:** Auke marknadsføringa, og rekrutteringa gjennom bevisstgjerung og aktivitetar. Nytte (primært) eksisterande kanalar, som til dømes Framtidsfylket og andre lag/organisasjonar

### **Attraktive tomter og hus/bustadbygging**

- **Tilby byggeklare, varierte og attraktive tomter**
- **Informere meir og betre om kva som er tilgjengeleg**
- **Kommunen må ta eit hovudansvar** -for at det er tilgang til attraktive hus, leilegheiter, tomter med meir. I det ligg det å ta ansvar for prosjektleiing (ikkje utbygging) ved å ha oppdatert planverk, skaffe areal, kople utbyggjar-grunneigar etc.
- **Kartlegge tomter og hus til sals** – mange sit på areal, hus etc utan å ha tenkt på sal/ veit lite om korleis gå fram
- **Definere attraktive hus/tomter** – storleik, utsikt, hage/sol, strandlinje, sentralt /landleg. I dag er oppfatninga at mykje av det som er tilgjengeleg, ikkje er attraktivt for kjøparane. (Kven definerer kva som er attraktivt?). Det er eit variert behov, difor bør det vere eit variert tilbod.


### **Skape attraktive arbeidsplassar**

- **Etablere ein jobbportal som fungerer** – at den faktisk blir brukt av arbeidsgjevar/søkjar
- **Fleire kompetansearbeidsplassar**
- **Etablere næringshage** (Selje- her er det mange som sit kvar for seg med sin eigen arbeidsplass – behov for å skape eit miljø)
- **Lyse ut ledige stillingar** – inntrykk at mange stillingar blir «tildelt» internt og ikkje utlyst
- **Styrke fagmiljøa på tvers av selskap/bedrifter**
- **Etablere fleire gode traniee-stillingar**
- **Utdanne fleire kompetente leiarar**
- **Fokusere på å vere ein god arbeidsgjevar** – meir systematisk utvikling/ vidareutdanning, etablere gode ordningar

## Sysselsettingsutvikling og rekrutteringsbehov

Kontrastane er store i Nordfjord. Mykje av næringslivet er bygd på tradisjonar og naturlege føresetnader. Marine og maritime verksemdar ute ved kysten, fruktdyrking, turisme og tekno-industri lenger inne i fjorden. Men regionen har dei siste åra òg vore prega av innovasjon og nyskaping. Noko av denne nyskapinga byggjer vidare på tradisjonane. Til dømes Stad Towing Tank, eit moderne hydrodynamisk anlegg for uttesting av skipsskrog, eller Moods of Norway som har gjort fjordabonden sin fremste arbeidsreiskap, traktoren Ferguson TE20, til internasjonalt mote-ikon. Andre representerer nye teknologi- og tenestebaserte næringar slik Seevia frå Måløy er eit døme på.<sup>4</sup>

## Næringsstruktur og utviklingstrekk



Figur 3. Næringsstruktur etter region. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Produksjonsnæringane står relativt sterkt i Nordfjord. Regionen er prega av små og mellomstore bedrifter. Både primærnæringane og industrien har monaleg større tyding for sysselsettinga i Nordfjord enn for Indre Sunnfjord. Der Indre Sunnfjord har ein posisjon som sørvisleverandør, ikkje minst med tanke på varehandel og helse- og sosialtenester, er Nordfjord i større grad ein vareprodusent. Dette speglar den sentrale posisjon ikkje minst Førde har som sørvis- og tenestesenter for store delar av Sogn og Fjordane.


I stort er næringsstrukturen i Nordfjord og på Indre Nordmøre meir lik. Begge regionane har relativt høg sysselsetting i primærnæringane. Medan dette for Indre Nordmøre gjeld primært jord- og skogbruk, er Nordfjord også representert med to viktige fiskerikommunar i Sogn og Fjordane; Vågsøy

<sup>4</sup> Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane mai 2012: <http://www.naringsbarometeret.no/article/ny-vekst-i-nordfjord>

og Selje. Frukt og grønnsaksdyrking er også sentral i fleire kommunar, i tillegg til meir tradisjonelle landbruksprodukt.

Nordfjord er ikkje på same måte som Indre Nordmøre prega av ei stor bedrift. Aluminiumsindustrien har hatt ein svært dominerande posisjon på Indre Nordmøre. Svingingane i aluminiumsindustrien har i stor grad sett sitt preg på utviklinga på Indre Nordmøre. Fiskeindustrien i Vågsøy og dei svingingane som er der kan til ein viss grad representere ein parallell, men av eit langt mindre format.

Når det gjeld dei tenesteytande næringane, er Nordfjord på like line med Indre Normøre prega av at viktige regionale funksjonar er lokalisert utanfor regionen, primært til Førde og Ålesund. Dette gjeld ikkje berre offentlege tenester. Nordfjord-regionen er til dømes relativt svakt representerte på forretningsmessig tenesteyting, i og med at regionen ligg under nivået, ikkje berre i forhold til Indre Sunnfjord, men også i forhold til Indre Nordmøre. Varehandelen har ein sterkare posisjon i Nordfjord enn på Indre Nordmøre, men svakare enn Indre Nordfjord der Førde utgjør eit klart tyngdepunkt for varehandelen i Sogn og Fjordane. Transportnæringa står sterkt i Nordfjord. Undervisning sysselset også relativt mange jamført med dei regionane vi samanliknar med her. På plussida kjem også reiselivesnæringa, der Nordfjord står klart sterkare enn dei to andre regionane.



Figur 4. Årleg endring i sysselsetting 2000-2011 i dei tre regionane. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Prosent.<sup>5</sup>  
Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

<sup>5</sup> På grunn av endringar i registreringane hos Statistisk sentralbyrå, er 15-åringar rekna med i statistikken frå og med 2005. I praksis gav dette ein auke på 77sysselsette personar for Nordfjord, ein auke som ikkje var reell, men altså skuldast omlegging av grunnlaget for statistikken.

Tabell 1. Samla endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Region	2003	2007	2011	Endring i prosent 2003-07	Endring i prosent 2007-11	Endring 2003-07	Endring 2007-11
Indre Sunnfjord	15840	17267	17626	9,0	2,1	1427	359
Nordfjord	14705	15179	15296	3,2	0,8	474	117
Indre Nordmøre	9987	10357	9940	3,7	-4,0	370	-417
Samla for dei tre regionane	40532	42803	42862	5,6	0,1	2271	59

Utviklinga i sysselsettinga har i hovudtrekk følgt dei økonomiske konjunkturane, både i Nordfjord og i dei to andre regionane som vi ser på her. Perioden frå 2003 til 2007 var ein klar vekstperiode i alle dei tre regionane. Nordfjord hadde rett nok klart svakare vekst enn Indre Sunnfjord i perioden. Veksten i Nordfjord var også noko svakare enn på Indre Nordmøre. Perioden som følgde finanskrisa i 2008 gav to år med nedgang i sysselsettinga. Denne nedgangen snudde raskt til vekst att, noko som gjer at Nordfjord har hatt ein samla sett har hatt vekst i sysselsettinga også etter 2007. Det er såleis nesten 600 fleire sysselsette i Nordfjord ved utgangen av 2011 samanlikna med 2003. Indre Nordmøre hadde nedgang i tal sysselsette i same periode.

Tabell 2. Endring i sysselsetting i dei tre regionane 2003, 2007 og 2011 fordelt på kjønn. Sysselsette registrert 4. kvartal kvart år. Absolutte tal og endring i prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.


	Kjønn	2003	2007	2011	Endring i prosent 2003-07	Endring i prosent 2007-11	Kjønnsandel 2003	Kjønnsandel 2011
Indre Sunnfjord	Menn	8315	9036	9218	8,7	2,0	52,5	52,3
	Kvinner	7525	8231	8408	9,4	2,2	47,5	47,7
Nordfjord	Menn	7991	8192	8254	2,5	0,8	54,3	54,0
	Kvinner	6714	6987	7042	4,1	0,8	45,7	46,0
Indre Nordmøre	Menn	5436	5597	5338	3,0	-4,6	54,4	53,7
	Kvinner	4551	4760	4602	4,6	-3,3	45,6	46,3

Tala viser at alle dei tre regionane har fleire yrkesaktive menn enn kvinner. Nordfjord er den av dei tre regionane der kjønnsfordelinga er skeivast. Det var meir enn 1.200 yrkesaktive menn enn yrkesaktive kvinner i 2011. Rett nok auka kvinneandelen i løpet av perioden 2003-07. I etterkant av dette er det relative forholdet mellom kjønna uendra. Ein viktig grunn til manglande utjamning etter 2007, kan vere den sterke veksten i utanlandsk arbeidskraft som pregar denne perioden. Arbeidsinnvandringa er mannsdominert og vil såleis kunne påvereke kjønnsbalansen på arbeidsmarknaden.

## Mot ei kunnskapsintensiv framtid

På lik line med andre område i landet, skjer det også i Nordfjord omlegging av næringslivet til meir kompetanseintensiv produksjon og tenesteyting. Sitatet først i dette kapitlet peikar på dette. Nye selskap og nye produkt har dukka opp dei siste åra.

Ei sentral utfordring i store delar av landet er å skaffe næringslivet tilgang på tilstrekkeleg og nok arbeidskraft med relevant kompetanse. Erfaringar frå andre fylke viser at mange bedrifter, både private og offentlege, særleg ser behov for å auke tilgangen på arbeidskraft med høgare utdanning. Dette er situasjonen i Møre og Romsdal (Båtevik og Tangen 2010). Det er grunn til tru at tilgangen på kompetansesarbeidskraft også er ei utfordring i Nordfjord: *Alt i alt er likevel mangel på arbeidskraft og kompetanse ei større utfordring for regionen enn arbeidsløyse. Dette gjeld ikkje minst for teknologiverksemdene. – Det er utan tvil ei tøff utfordring å skaffe den kompetansen vi treng, seier Mikalsen i Seevia.*<sup>6</sup>



Figur 5. Høgskule- og universitetsutdanna i prosent av befolkninga 16 år og over fordelt etter region. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

Andelen som tar høgare utdanning frå regionen er veksande. Nærare 23 prosent av befolkninga 16 år og over hadde høgare utdanna i 2011. Det er snakk om ein sterk og gradvis vekst over lang tid, på lik line med veksten i andre regionar. Sett i forhold til Indre Sunnfjord, er utdanningsnivået for Nordfjord om lag 4 prosentpoeng lågare. Samanlikna med Indre Nordmøre har regionen derimot eit høgare utdanningsnivå. Det er også klare forskjellar mellom utdanningsnivået i kommunane internt i Nordfjord. Medan om lag 25 prosent av befolkninga frå Gloppen og Eid har høgare utdanning, er talet for Selje om lag 13 prosent.

Utdanningsnivået speglar seg sjølvstakt att blant dei yrkesaktive. Dette gjeld både i privat og offentlig sektor.

<sup>6</sup> Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane mai 2012: <http://www.naringsbarometeret.no/article/ny-vekst-i-nordfjord>

Tabell 3. Sysselsette etter region og utdanningsnivå 2003, 2007 og 2011. Andel og endring. Prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Statistikkbanken.

	Høgste avslutta utdanning	Andel 2007	Andel 2011	Endring prosent- poeng 2007-11	Endring faktiske tal 2007-11
Indre Sunnfjord	Grunnskule	23,1	21,2	-1,9	-254
	Vidaregåande	46,1	44,1	-2,0	-181
	Univ. - og høgskuleutd., 1-4 år	22,6	24,0	1,3	317
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	4,1	4,9	0,8	156
	Uoppgitt utdanning	4,1	5,9	1,7	321
Nordfjord	Grunnskule	22,7	20,7	-2,0	-284
	Vidaregåande	50,5	47,9	-2,6	-337
	Univ.- og høgskuleutd., 1-4 år	18,8	20,0	1,2	204
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	3,0	3,4	0,5	76
	Uoppgitt utdanning	5,0	8,0	3,0	458
Indre Nordmøre	Grunnskule	22,7	20,2	-2,5	-343
	Vidaregåande	53,6	53,4	-0,2	-247
	Univ. - og høgskuleutd., 1-4 år	16,6	18,6	2,0	126
	Univ.- og høgskuleutd., 4 år +	3,5	3,8	0,3	15
	Uoppgitt utdanning	3,6	4,0	0,5	32

Arbeidsmarknaden er i ferd med å bli meir kompetansebasert, på den måten at gruppene som har høgskule- og universitetsutdanningar blir fleire. I perioden 2007-11, ein periode der nettovæksten på arbeidsmarknaden i Nordfjord var på 117 personar, auka talet på sysselsette med høgare utdanningar med 280. Når det er sagt, er nedgangen i sysselsette med utdanning på grunnskule og vidaregåande nivå etter alt å døme større i tabellen enn i realiteten. I tala frå 2011 er det mange utan oppgitt utdanningsnivå. Grunnen til dette er at ein manglar opplysningar om utdanningsnivå blant mange arbeidsinnvandrarar. Realiteten er, trass dette, at det har vore ein klar vekst i formell kompetanse blant arbeidskrafta i Nordfjord dei siste åra.

Tabell 4. Endring i sysselsetting etter yrkesfelt og region 2007-2010. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.<sup>7</sup>

Region	Yrkesfelt	Endring i prosent				Sysse- sette 2010	Prosent tilsette 2010
		2007- 2008	2008- 2009	2009- 2010	2007- 2010		
<b>Indre Sunnfjord</b>	Leiaryrke	4,8	3,8	5,6	14,9	1126	6,5
	Akademiske yrke	4,7	5,0	3,7	14,1	1938	11,2
	Høgskuleyrke	1,1	0,5	0,1	1,8	3568	20,6
	Kontoryrke	3,6	-4,9	0,4	-1,2	1099	6,3
	Sals- og serviceyrke	0,3	-2,1	-1,0	-2,7	4365	25,2
	Bønder, fiskarar mv.	-5,7	-1,3	-5,1	-11,7	815	4,7
	Handverkarar	-0,7	0,0	-7,1	-7,8	2003	11,5
	Operatørar, sjåførar mv.	3,8	-1,5	2,0	4,3	1442	8,3
	Andre yrke	-0,8	-0,1	-0,6	-1,5	990	5,7
	I alt	1,1	-0,2	-0,5	0,5	17346	100
<b>Nordfjord</b>	Leiaryrke	0,7	2,8	4,4	8,0	974	6,4
	Akademiske yrke	3,0	3,0	4,0	10,4	1029	6,8
	Høgskuleyrke	2,2	2,2	1,1	5,6	2686	17,8
	Kontoryrke	2,7	-3,6	-2,3	-3,4	835	5,5
	Sals- og serviceyrke	0,0	-2,4	-0,3	-2,6	3602	23,8
	Bønder, fiskarar mv.	-3,2	-3,6	-3,5	-9,9	1202	8,0
	Handverkarar	-3,6	-1,9	-0,1	-5,5	1835	12,1
	Operatørar, sjåførar mv.	1,3	-0,4	3,0	4,0	2184	14,5
	Andre yrke	-4,7	-4,8	-1,2	-10,3	767	5,1
	I alt	-0,1	-0,9	0,6	-0,4	15114	100,0
<b>Indre Nordmøre</b>	Leiaryrke	0,6	3,2	3,8	7,8	568	5,7
	Akademiske yrke	-0,9	2,7	0,5	2,2	649	6,5
	Høgskuleyrke	-0,1	-0,4	3,5	3,0	1761	17,7
	Kontoryrke	-1,2	-6,7	-8,2	-15,3	436	4,4
	Sals- og serviceyrke	-1,9	2,7	-3,4	-2,6	2468	24,8
	Bønder, fiskarar mv.	-7,2	3,7	-5,5	-9,0	775	7,8
	Handverkarar	-0,7	-3,1	2,1	-1,7	1198	12,0
	Operatørar, sjåførar mv.	-2,8	-7,2	-3,6	-13,1	1596	16,0
	Andre yrke	0,2	-8,3	2,7	-5,7	500	5,0
	I alt	-1,7	-1,2	-1,1	-3,9	9951	100,0

Samanlikna med Indre Nordmøre, er andelen sysselsette med høgskule- og universitetsutdanna noko høgare i Nordfjord, men klart lågare enn i Indre Sunnfjord. Veksten i Nordfjord har dessutan vore svakare enn i begge dei to andre regionane.

<sup>7</sup> På grunn av endringar i registreringane etter yrkesfelt hos Statistisk sentralbyrå omfatta tala før 2007 ikkje sysselsette i helseføretaka og i kommunal- og fylkeskommunal sektor. Derfor brukar vi berre tal frå 2007 og seinare her. Desse tala omfattar alle sysselsette i alderen 15-74 år. SSB har avslutta denne serien i 2010, så nyare opplysningar er heller ikkje tilgjengelege.

Veksten i kompetanseyrke som krev lange formelle utdanningar blir også tydeleggjort om ein ser på kva yrkesfelt som har fått flest nye arbeidstakarar. I perioden 2007-10 var det størst vekst i akademiske yrke (til dømes yrke som sivilingeniørar, siviløkonomar, statsautoriserte revisorar, legar, juristar, forskarar), leiaryrke (toppleiarar, administrative leiarar, mellomleiarar m. fl.) og høgskuleyrke (ingeniørar og teknikarar, dekksoffiserar, fysioterapeutar, sjukepleiarar, førskulelærarar, m fl.). Ingen andre yrkesfelt hadde større vekst i Nordfjord enn desse tre. Den same tendensen gjorde seg i hovudsak også gjeldande i dei to andre regionane. I tillegg til dei tre yrkesfelta, var det faktisk berre gruppa operatørar, sjåførar m.v. som var i vekst i den aktuelle perioden.

### **Næringar i vekst og nedgang**


Fordelt på ulike næringar, viser nedgangen særleg att i primærnæringane og i industrien. Dette er næringar som har mange sysselsette i Nordfjord og ein nedgang i desse gir relativt store utslag. Samanlikna med Indre Nordmøre har likevel nedgang i tal sysselsette i industrien vore relativt moderat. Medan talet industriarbeidarar i perioden frå 2008 til 2011 vart redusert med 99 personar, var netto reduksjonen på Indre Nordmøre i same periode på 256 personar.

Innan dei tenesteytande næringane hadde Nordfjord sterkast nedgang i teknisk tenesteyting og eigedomsdrift og finansiering og forsikring. Dette er relativt små næringar i regionen, så nedgangen i tal sysselsette i desse næringane var små.

Av vekstnæringar har Nordfjord saman med dei andre regionane ein klar vekst i offentleg sektor. I tillegg til dette, er det Elektrisitet, vatn og renovasjon, Informasjon og kommunikasjon og Forretningsmessig tenesteyting. Alle desse er relativt små, men i klar vekst. Veksten i desse tre næringane utgjorde netto 69 personar i perioden 2008 til 2011 og er såleis i seg sjølv ikkje nok til å erstatte nedgangen i industrien. Det viser likevel kor det er vekst i regionen, i tillegg til den veksten som offentleg sektor representerer. Det er også interessant å merke seg at Nordfjord har hatt større prosentvis vekst i Informasjon og kommunikasjon enn dei to samanlikningsregionane. Dette er eit døme på ei næring som i stor grad rekrutterer høgt utdanna arbeidskraft.



## Sysselsette etter næring - endring i prosent 2008-11



Figur 6. Endring i sysselsette etter næring og region. N=Tal sysselsette i kvar næring i 2008. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Tabell 5. Endring i sysselsetting etter bustadregion og sektor. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

		2008-09	2009-10	2010-11	2008-11	Sysse- sette 2011	Prosent tilsette 2011
<b>Indre Sunnfjord</b>	Statleg forvaltning	1,4	-1,6	-0,6	-0,9	2142	12,2
	Fylkeskommunal forvaltning	0,9	3,5	0,4	4,9	471	2,7
	Kommunal forvaltning	2,6	2,5	3,6	9,0	3441	19,5
	Privat sektor og off. føretak	-1,4	-1,2	1,4	-1,2	11572	65,7
	I alt	-0,3	-0,5	1,6	0,8	17626	100,0
<b>Nordfjord</b>	Statleg forvaltning	-2,5	-5,8	-2,6	-10,5	725	4,7
	Fylkeskommunal forvaltning	5,0	-1,8	-2,8	0,3	380	2,5
	Kommunal forvaltning	2,7	4,4	3,5	11,0	3268	21,4
	Privat sektor og off. føretak	-1,9	0,1	0,9	-1,0	10923	71,4
	I alt	-0,9	0,6	1,2	0,9	15296	100,0
<b>Indre Nordmøre</b>	Statleg forvaltning	-7,6	10,5	-2,5	-0,4	276	2,8
	Fylkeskommunal forvaltning	0,6	3,5	-0,6	3,5	177	1,8
	Kommunal forvaltning	3,2	0,8	0,0	4,1	2654	26,7
	Privat sektor og off. føretak	-2,6	-2,3	-0,1	-4,9	6833	68,7
	I alt	-1,2	-1,1	-0,1	-2,4	9940	100,0

Privat sektor er stor i Nordfjord. Samanlikna med Indre Sunnfjord og Indre Nordmøre, er privat sektor viktigast for sysselsettinga i Nordfjord.<sup>8</sup> Ein samla nedgang i denne sektoren i perioden etter 2008 viser også att i den samla sysselsettingsutviklinga i regionen. Det skal likevel seiast at sektoren samla har greidd seg relativt bra, om ein ser vekk frå åra 2008-09. Nedgangen vart alt snudd til svak vekst 2009-10, eit år då både Indre Sunnfjord og Indre Nordfjord framleis hadde nedgang. Påfølgjande år hadde både Indre Sunnfjord og Nordfjord vekst i privat sektor.

Når det er sagt, er det særleg veksten i kommunal forvaltning som har styrka sysselsettingsutviklinga i Nordfjord.


## Rekruttering – ei utfordring?

Sysselettingsutviklinga dei siste åra vitnar ikkje i seg sjølv om stor nyrekruttering av arbeidskraft til Nordfjord. Det er likevel grunn til å tru at det kan vere stort behov for arbeidskraft i regionen framover.

Fleire forhold spelar inn her. Den demografiske utviklinga er vesentleg. Vi veit at mange delar av landet har eit næringsliv prega av eldre arbeidstakarar. Små ungdomskull og flyttemønster blant unge vaksne gir mange delar av distrikts-Noreg særlege utfordringar. Nedanfor vurderer vi desse utfordringane basert på trekk ved aldersstrukturen i ulike næringar i Nordfjord og dei to andre regionane. Dette må vidare vurderast i saman med dei demografiske analysane som blir presenterte seinare i rapporten.


<sup>8</sup> Offentleg føretak er rekna til same kategori som privat sektor. Her har Indre Sunnfjord ein stor arbeidsplass gjennom sjukehuset i Førde. Likevel er sektoren «Privat sektor og offentlege føretak klart større i Nordfjord enn i Indre Sunnfjord, noko som understrekar den sterke posisjonen privat sektor har i Nordfjord.

Samla er nærare 25 prosent av alle sysselsette i Nordfjord-regionen 55 år eller eldre. Dette utgjer i overkant av 3.750 personar. Dette er personar som går ut av arbeidsmarknaden i løpet av ein periode på 10-12 år.




Figur 7. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringar der andelen over 55 år er mindre enn 20 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Det er klare forskjellar i aldersstruktur mellom næringane. Hovudtrekka går att frå region til region. For næringane varehandel, bergverksdrift og overnatting er eldredelen lågast. To av desse er prega av eit stort innslag av ungdomar, gjerne i deltids- eller sesongjobbar.



Figur 8. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringar der andelen over 55 år er 20-24 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Blant næringer som har middels andel eldre er det Helse- og sosialtenester og Industri som er dei største mål til tal tilsette. I Nordfjord er kvar fjerde av dei sysselsette innan helse- og sosialtenestene 55 år og over. Dette betyr at over 700 personar skal erstattast i løpet av 10-15 år, om ein skal oppretthalde sysselsettinga i sektoren. I industrien er det snakk om vel 500 personar.



Figur 9. Sysselsette 55 år og over etter næring og region 2011. Næringer der andelen over 55 år er over 25 prosent i Nordfjord. Per 4. kvartal. Prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Også blant dei næringane som har størst andel eldre, er fleire store sektorar representerte. Dei tre største målt i tal sysselsette, er Undervisning, Jordbruk, skogbruk og fiske og Transport og lagring. Om ein skal erstatte person for person innan desse næringane vil det krevje nærare 450 bønder og fiskarar, i overkant av 400 nye lærarar og meir enn 250 transportarbeidarar.

### Moment for vidare drøfting

- Nordfjord har eit samansett næringsliv og regionen har også samla sett hatt vekst i sysselsetting. Det har såleis kome til nok nye arbeidsplassar til å erstatte dei som har gått tapt, regionen sett under eitt. Veksten er likevel moderat. Privat sektor, som betyr meir i Nordfjord enn i dei regionane vi har samanlikna med i denne analysen, har dessutan hatt ein svak nedgang i sysselsettinga dei siste åra
- Mange bedrifter har aukande behov for arbeidskraft med formell kompetanse i form av høgskule- og universitetsutdanningar. Sysselsettingsstatistikken viser at mykje av veksten i sysselsettinga skjer nettopp blant desse gruppene, også i Nordfjord. Det blir såleis viktigare å kunne vere attraktive og også kunne legge til rette for rekruttering av denne typen arbeidskraft til regionen
- Med eldrebølgja vil det, etter alle solemerker også bli eit aukande behov for rekruttering av arbeidskraft framover, både i privat og offentleg sektor. Det er snakk om store utskiftingar i løpet av ein periode på 10-15 år. Dette gjeld ikkje minst i sektorar der innslaget av høgt utdanna arbeidskraft er stort, som for eksempel undervisningssektoren. Primærnæringane er likevel den sektoren der aldersstrukturen vil gi størst avgang av arbeidskraft



## Nordfjord – ein utpendlingsregion

Nordfjord-regionen er ein utpendlingsregion. Det er fleire som reiser frå Nordfjord-regionen for å kome til arbeid enn dei som reiser til Nordfjord for å arbeide der. Regionen har såleis underdekning av arbeidsplassar. Underdekninga utgjer i overkant av 1.000 arbeidsplassar. Dersom alle som er registrerte busett i Nordfjord også skulle ha arbeid der, ville det krevje meir enn 1.000 fleire arbeidsplassar i regionen.

Tabell 6. Sysselsette etter bustad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Sysselsette etter bustadkommune			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Indre Sunnfjord	15840	17267	17626	1427	359	9,0	2,1
Nordfjord	14705	15179	15296	474	117	3,2	0,8
Indre Nordmøre	9987	10357	9940	370	-417	3,7	-4,0


Tabell 7. Sysselsette etter arbeidsstad fordelt på region. 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Sysselsette etter arbeidskommune			Endring faktiske tal		Endring prosent	
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2003-07	2007-11
Indre Sunnfjord	15659	17019	17492	1360	473	8,7	2,8
Nordfjord	13844	14115	14215	271	100	2,0	0,7
Indre Nordmøre	9382	9740	9206	358	-534	3,8	-5,5

Tabell 8. Eigendekning av arbeidsplassar fordelt på kommunar. Endring 2003-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

	Eigendekning av arbeidsplassar per 100 sysselsette			Endring i prosentpoeng		Eigendekning faktiske tal
	2003	2007	2011	2003-07	2007-11	2011
Indre Sunnfjord	98,9	98,6	99,2	-0,3	0,7	-134
Nordfjord	94,1	93,0	92,9	-1,2	-0,1	-1081
Indre Nordmøre	93,9	94,0	92,6	0,1	-1,4	-734

Situasjonen for Nordfjord er omtrent tilsvarende den på Indre Nordmøre. Indre Sunnfjord har om lag i balanse mellom tal arbeidsplassar og tal sysselsette.



Figur 10. Utpendling frå Nordfjord etter oppmøteregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Tabell 9. Utpendling frå Nordfjord fordelt etter oppmøteregion. Endring 2000-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


	Tal pendlarar		Endring i prosent	Prosent av sysselsette
	2000	2011		
Til Indre Sunnfjord + Bremanger	350	437	25	2,9
Til Sogn og Fjordane elles	136	97	-29	0,6
Til Søre Sunnmøre	104	171	64	1,1
Til landet elles	1150	1326	15	8,7
Utpendlarar i alt	1740	2031	17	13,3

Det er i overkant av 2.000 pendlarar busette i Nordfjord som er registrert med arbeidsstad utanfor regionen. Når det gjeld naboregionane, er det Indre Sunnfjord som er viktigast oppmøteregion for dei som pendlar frå Nordfjord. Utpendlinga frå regionene har auka med 17 prosent i perioden frå 2000 til 2011. Utpendlinga til Søre Sunnmøre og til Sunnfjord har sterkast prosentvis auke.<sup>9</sup> Førde er viktigaste arbeidskommune i naboregionane. Samtidig går ein god del av pendlinga ut av fylket. Det er til dømes fleire nordfjordingar som har Bergen som oppmøtestad enn dei som pendlar til Førde.

Pendlarane utgjer ei samansett gruppe. Dagpendlarane finn ein stort sett blant dei som anten pendlar internt i regionen eller til ein av naboregionane. Når mange pendlar til Bergen, Oslo eller Nordsjøen, er dette uttrykk for at det også er mange som er vekependlarar. Blant dei som er

<sup>9</sup> Desse tala er frå før det nye sambandet mellom Hornindal og Volda, Kvivsvegen, stod klart.

registrerte som pendlarar til storbyane finn vi også ein del studentar. Dersom ein som elev eller student er registrert som busett i Nordfjord, samtidig som ein har deltidsarbeid på studiestaden, vil ein bli definert som pendlar.



Figur 11. Innpendlarar til Nordfjord etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

Tabell 10. Innpendlarar til Nordfjord etter buregion. 2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB

	Tal pendlarar		Endring i prosent 2011
	2000	2011	
Frå Indre Sunnfjord + Bremanger	175	256	46
Frå Sogn og Fjordane elles	70	88	26
Frå Søre Sunnmøre	173	155	-10
Frå landet elles	404	451	12
<b>Innpendlarar i alt</b>	<b>822</b>	<b>950</b>	<b>16</b>

Det er også ei klar auke i pendlinga inn til Nordfjord i perioden 2000 til 2011. Slik sett er det grunn til å tolke den auka pendlinga både til og frå Nordfjord først og fremst som uttrykk for ein auke i mobiliteten i befolkninga. Fleire er villige til å reise lenger for å realisere ønskje om ein spesiell jobb, av karrieregrunnar, osv. Det er såleis 128 fleire innpendlarar til Nordfjord i 2011 enn i 2000. Auken er størst frå nabokommunane i sør.

I tillegg til pendlinga til og frå regionen, er det i alt 1.176 som pendlar internt i Nordfjord-regionen som pendlar til ein av dei andre kommunane i region. Dette betyr at 7,7 prosent av alle sysselsette



pendlar internt regionen, medan 13,3 pendlar ut av regionen. Det er såleis heile 22 prosent av dei yrkesaktive som er registrerte som pendlarar. Det er ein regional arbeidsmarknad i regionen, der det er ein del pendling primært mellom nabokommunane. Likevel er Nordfjord-regionen først og fremst ein utpendlingsregion, i den forstand at den største pendlargruppa har arbeidsstad utanfor Nordfjord.

### **Moment for vidare drøfting**


Nordfjord er ein utpendlarregion, i den meining at det er fleire som pendlar frå enn til regionen. I tillegg til at det er registrert ein del langpendlarar, med oppmøtestader som Bergen, Oslo og på sokkelen, er det i stor grad snakk om utveksling av arbeidskraft mellom nabokommunar. Nordfjordkommunane ligg for langt unna store innpendlingskommunar til at ein kan forvente stor utpendling til bestemte pendlingsmål. Det nye vegsambandet mellom Nordfjord og Eiksund-regionen opnar for større utveksling av arbeidskraft mellom dei to regionane. Så langt er det for tidleg å seie noko om omfanget av dette. For indre del av Nordfjord, og ikkje minst for ein liten kommune som Hornindal, kan potensiale for ei utvikling basert på at ein i hushaldet pendlar vere relativt stort.

## Innvandring – tilgang på ny arbeidskraft

Arbeidskraft frå utlandet kan bli eit vere eller ikkje vere for mange verksemdar, mange institusjonar og mange lokalsamfunn. ... Satsing på vellukka integrering kan rett og slett bli den viktigaste vekstimpulsen i Sogn og Fjordane dei komande åra.<sup>10</sup>

Etter utvidinga av EU, med nye medlemsland frå Aust-Europa i 2004 og 2007 har det vore ein eksplisiv vekst i arbeidsinnvandrarar i landet. Sogn og Fjordane er det fylket i landet som har størst andel Aust-europearar blant alle sysselsette (Hanche-Olsen m. fl. 2011). Samtidig er det stor variasjon i innvandrardelen mellom kommunar, der hovudmønsteret er at innvandringa er størst i kommunar med høgt innslag av produksjonsnæringar. Det er særleg arbeidsinnvandringa som påverkar dette mønsteret.


I Sogn og Fjordane var 8,1 prosent av befolkninga innvandrarar ved inngangen til 2013. To av dei seks kommunane i Nordfjord hadde ein større innvandrardel enn gjennomsnittet i fylket; Stryn og Vågsøy. Stryn låg heilt i fylkestoppen, med 13,6 innvandrarar. Berre Balestrand hadde større del innvandrarar enn Stryn.



Figur 12. Innvandrarar i befolkninga fordelt etter opphavsregion og buregion. 1.1 2003 og 1.1 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Andelen av innvandrarar frå europeiske land er eit uttrykk for innslaget av arbeidsinnvandrarar i befolkninga. Nordfjord er nettopp prega av ein høg andel europearar blant innvandrarane. Samtidig er det først og fremst veksten blant dei europeiske innvandrarane som har påverka utviklinga siste tiåret, både i Nordfjord og i Indre Sunnfjord.

<sup>10</sup> Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane mai 2012: <http://www.naringsbarometeret.no/article/eit-internasjonalt-fylke>



Figur 13. Endring i innvandringsgrupper etter opphavsregion og buregion. Perioden 1.1 2003-1.1 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Det har vore ein vekst på heile 205 prosent blant innvandrarane med europeisk bakgrunn frå 2003 til 2013 i Nordfjord. Veksten er ikkje berre stor i seg sjølv. Den er også stor om ein samanliknar med tilsvarende vekst i både i Indre Sunnfjord og på Indre Nordmøre. Ved inngangen til 2013 budde det vel 1.800 innvandararar med bakgrunn frå resten av Europa i Nordfjord. Dette var meir enn 1.200 fleire enn dei som hadde tilsvarende bakgrunn i 2003.



Figur 14. Innvandararar blant sysselsette fordelt etter region. 2008-2011. Kjelde: Statistikkbanken, SSB<sup>11</sup>

<sup>11</sup> Enkelte kommunar har så få innvandararar blant dei sysselsette at Statistisk sentralbyrå ikkje publiserer tal for desse kommunane. Det kan såleis vere små avvik i tala som figuren viser og dei reelle tala.

Innslaget av innvandrar i arbeidstokken er høgt i Nordfjord både om vi samanliknar med Indre Sunnfjord og Indre Nordmøre. Det har også vore ein formidabel auke i innvandrardelen blant dei sysselsette i perioden frå 2008. Innvandringa utgjer slik eit viktig rekrutteringsgrunnlag for ulike delar av næringslivet i Nordfjord. Det er kjent at dette gjeld delar av industrien og reiselivsnæringa. Korleis dette fordelar seg på dei enkelte næringar eller i forhold til å dekke behova på ulike kompetansenivå, er ukjent.

**Tabell 11. Sysselsette innvandrarar etter landbakgrunn i dei tre kommunane i Nordfjord som har flest innvandrarar.**  
Kjelde: Statistikkbanken, SSB.<sup>12</sup>

Landbakgrunn	Tal sysselsette innvandrarar		Endring i prosent	Prosent av sysselsette	
	2008	2011	2011	2011	
Vågsøy	EU/EFTA, N-Amerika, Austr. og N. Zealand	108	254	135	8,1
	Andre land	93	111	19	3,5
Eid	EU/EFTA, N-Amerika, Austr. og N. Zealand	81	133	64	4,2
	Andre land	63	66	5	2,1
Stryn	EU/EFTA, N-Amerika, Austr. og N. Zealand	294	476	62	12,4
	Andre land	86	87	1	2,3

Situasjonen for kommunane Stryn, Vågsøy og Eid illustrerer at endringane i stor grad er knytt til den arbeidsinnvandringa som har kome som eit resultat av opnare grenser i Europa. Det har vore ein ekstremt høg prosentvis vekst i utanlandsk arbeidskraft med bakgrunn frå resten av Europa. I Vågsøy var til dømes veksten på 135 prosent på fire år. Dette utgjorde i alt 146 personar. Veksten i Stryn er lågare målt i prosent, men omfattar likevel så mykje som 182 personar.


### Moment for vidare drøfting

Fleire av kommunane i Nordfjord har hatt stor arbeidsinnvandring. Denne innvandringa har vore viktig for rekrutteringa til næringslivet i Nordfjord dei siste åra. På bakgrunn av dei rekrutteringsutfordringane som regionen står over for i åra som kjem, er det stort sannsyn for regionen framleis kan rekruttere arbeidskraft utanfor også i åra som kjem. Det vil vere viktige å ta stilling til fleire spørsmål med tanke på dette, både: «Kva potensiale ligg i dette?», men også «Kva utfordringar representerer dette og korleis kan ein arbeide med desse?»

<sup>12</sup> Viser berre kommunar der SSB har komplette tal med fordeling etter landbakgrunn.


## Befolkning i endring

Det har skjedd store endringar i den regionale fordelinga av befolkninga i Sogn og Fjordane i løpet av ein 25-årsperioden. Ved inngangen til 1988 budde det om lag 3.000 fleire menneske i Nordfjord enn i Indre Sunnfjord. Ved inngangen til 2013 budde det om lag 4.000 fleire menneske i Indre Sunnfjord enn i Nordfjord. Indre Sunnfjord har vore prega av befolkningsvekst, medan Nordfjord heilt klart har stagnerert om ein legg befolkningsutviklinga til grunn.




Figur 15. Prosentvis endring i folketal i femårsbolkar, 1988-2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Sjølv om Nordfjord sakkar etter Indre Sunnfjord, er det ikkje snakk om dramatiske tal isolert sett. Det er snakk om ein svak nedgang i folketalet. Rett nok vart nedgangen sterkare og sterkare frå periode til periode fram til 2008. Etter 2008 har det dessutan vore ei klar endring, med befolkningsvekst for femårsperioden sett under eitt. Sjølv om Nordfjord sakkar etter samanlikna med Indre Sunnfjord, har utviklinga i regionen vore langt gunstigare enn kva den har vore på Indre Nordmøre.



Figur 16. Endring i folketal 1.1.2003-1.1. 2013 fordelt på region. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Brote ned på enkeltår, vert det synleggjort at Nordfjord har hatt vekst i folketalet alle år frå og med 2008, med unntak av i 2012.




Figur 17. Kvinner i alderen 30-39 år etter buregion. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

God kjønnsbalanse er eit mål for ein «sunn» demografisk situasjon. I så måte skårar Nordfjord-regionen svakt. I alderen 30-39 år et kvinneunderskotet relativt stort. Dette illustrerer etter alt å døme noko som er ei klar utfordring for regionar der arbeidsinnvandringa er ein viktig vekstimpuls. Eit klart fleirtal av arbeidsinnvandrarane er menn. Dermed medverkar også arbeidsinnvandringa til å forsterke kvinneunderskotet.

### Endra flyttemønster – innvandring balanserer flyttetap


Dei fleste regionar i distrikta opplever flyttetap, i alle fall så lenge vi ser på innanlands flytting. Dei som reiser ut er fleire enn dei som kjem. Dette er ikkje nytt. Det som er nytt er at dei oppveksande kulla har vorte mindre. Dermed kan flyttetapet i større grad påverke rekrutteringsgrunnlaget for den enkelte region og den enkelte bedrift.



Figur 18. Netto innanlandsk flytting for tre regionar 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Gjennom dei siste ti åra har den innanlandske flyttinga gitt flyttetap i Nordfjord-regionen kvart år. Dette er også tilfelle for dei to referanseregionane. Det er ikkje noko som indikerer at Nordfjord kjem spesielt dårleg ut i dette selskapet. Jamt over er flyttetapet større på Indre Nordmøre enn i Nordfjord.

Det er særleg to faktorar som påverkar flyttetala. For det første er det fleire unge som reiser frå regionen og etablerer seg i andre delar av landet (fråflyttarar) enn kva som kjem frå andre delar av landet for å etablere seg (nyinnflyttarar og tilbakeflyttarar). For det andre påverkar også innvandringa dei innanlandske flyttetala. Det er gjerne ein relativt stor vidareflytting blant innvandrarane, i alle fall blant den gruppa som kjem til landet som asylsøkarar og flyktningar.<sup>13</sup> Når desse flyttar frå Nordfjord til for eksempel Oslo (vidareflyttarar) blir dette ei innanlandsk flytting, som viser at i statistikken som dette. Omfanget av innanlandsk vidareflytting blant arbeidsinnvandrarar er mindre kjent. Det kan likevel vere verdt å merke seg at dei innanlandske flyttetapa jamt over er mindre i den perioden der arbeidsinnvandringa har vore størst enn i åra 2004, 2005 og 2006.




Figur 19. Nettoinnvandring for tre regionar 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Innvandringa til Norge har vore stor dei siste åra. Både Nordfjord og Indre Sunnfjord har vore prega av ein klar auke i innvandringa i åra frå 2007 til 2011. I 2012 gjekk nettotala litt ned att i Nordfjord, men ligg framleis litt over nivået i 2007. Figuren er ein god illustrasjon på forskjellen på Indre Sunnfjord og Nordfjord som innvandrararregion på den eine sida og Indre Nordmøre. Indre Nordmøre har jamt over nemleg relativt stor innvandring per år, men likevel relativt få innvandrarar busette i regionen. Særleg Nordfjord, men også til ein viss grad Indre Sunnfjord, har lågare nettoinnvandring per år, men ein større andel innvandrarar i eiga befolkning. Det som ligg bak det som kan oppfattast som eit paradoks, er forskjellige flyttemønster mellom ulike innvandrarar. Indre Nordmøre har relativt mange ikkje-europeiske innvandrarar. Det er relativt mange av dei, men

<sup>13</sup> Jf. Tal i tabellen " Innländsk nettoinnflytting til kommunar, etter region og innvandringskategori". Statistisk sentralbyrå, statistikkbanken.

mange flyttar også raskt vidare til andre delar av landet. Nordfjord har ein langt større del europeiske innvandrarak. Desse er meir stabile og viser dermed i større grad att i statistikken for busette.



Figur 20. Samla flyttebalanse for tre regionar. 2003-2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Auken i innvandringa i løpet av det første tiåret på 2000-talet har gjort at alle dei tre regionane har gått frå ein negativ til ein positiv flyttebalanse. Både i 2010 og 2011 var flyttebalansen for Nordfjord sin del betre enn både for Indre Sunnfjord og Indre Nordmøre.

### Flyttetap og kullstorleik

Ei klar utfordring for den demografiske utviklinga i distrikta ligg i at ungdomskulla har vorte mindre. Dette kan gi ubalanse mellom avgangen av eldre arbeidstakarar og tilgangen på nye rekruttar, i alle fall dersom flyttemønsteret held seg stabilt. Det er derfor viktig å sjå på samspelet mellom dei kulla som er på veg inn på arbeidsmarknaden, den reduksjonen desse kulla opplever gjennom den mest flytteaktive delen av livsløpet og dei kulla desse skal «erstatte»

#### Lesehjelp for tabellar

For å illustrere forholdet mellom flyttetap og kullstorleik, har vi utvikla eigne tabellar som reindyrkar dette. Tabellane viser to ulike utviklingsforløp som går parallelt:

- «Trappa» som startar med dei som er i alderen 10-14 år i 1987, følgjer dette kullet fram til dei er i alderen 35-39 år i 2012. For kvart steg i trappa ser ein korleis talet personar endrar seg, primært som følgje av inn- og utflytting for det aktuelle kullet over tid.
- Den nedste lina viser kor mange ungdomar i alderen 10-14 år som bur i regionen på dei aktuelle tidspunkta. At desse tala endrar seg over tid, skuldast primært utviklinga i fødselstala.



Tabell 12. Endringer av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringer i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Nordfjord. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Nordfjord		Årstal				
Alder	1988	1993	1998	2003	2008	2013
35-39 år						<b>72 %</b> (1.600)
30-34 år					<b>64 %</b> (1.465)	
25-29 år				<b>74 %</b> (1.639)		
20-24 år			<b>93 %</b> (2.073)			
15-19 år		<b>99 %</b> (2.205)				
10-14 år	<b>100 %</b> (2.218)	<b>95 %</b> (2.110)	<b>91 %</b> (2.011)	<b>95 %</b> (2.102)	<b>95 %</b> (2.109)	<b>86 %</b> (1.899)

Tabell 13. Endringer av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringer i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Sunnfjord. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Indre Sunnfjord		Årstal				
Alder	1988	1993	1998	2003	2008	2013
35-39 år						<b>102 %</b> (2.013)
30-34 år					<b>96 %</b> (1.906)	
25-29 år				<b>99 %</b> (1.955)		
20-24 år			<b>105 %</b> (2.082)			
15-19 år		<b>102 %</b> (2.022)				
10-14 år	<b>100 %</b> (1.983)	<b>102 %</b> (2.025)	<b>105 %</b> (2.073)	<b>121 %</b> (2.406)	<b>120 %</b> (2.386)	<b>116 %</b> (2.294)

Tabell 14. Endringer av kullstorleiken for kullet som var 10-14 år i 1988 gjennom den mest flytteaktive fasen av livet fram til dei var i alderen 35-39 år i 2013. Tabellen viser også endringer i aldersgruppa 10-14 år i same periode. Indre Nordmøre. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Indre Nordmøre		Årstal				
Alder	1988	1993	1998	2003	2008	2013
35-39 år						<b>72 %</b> (1.052)
30-34 år					<b>69 %</b> (1.004)	
25-29 år				<b>72 %</b> (1.049)		
20-24 år			<b>93 %</b> (1.353)			
15-19 år		<b>102 %</b> (1.487)				
10-14 år	<b>100 %</b> (1.460)	<b>83 %</b> (1.327)	<b>84 %</b> (1.286)	<b>87 %</b> (1.373)	<b>89 %</b> (1.360)	<b>85 %</b> (1.272)

Samtidig som flytteprosessane reduserer kvart kull, blir også ungdomskulla mindre over tid. Årsaka er minkande fødselskull. Kombinert med framtidig flytting, kan dette gi dobbel negativ effekt og forsterka utfordringar med tanke på rekruttering av arbeidskraft.

Både Nordfjord og Indre Nordmøre «misser» rekruttar gjennom to parallelle prosessar. I Nordfjord budde det 2.218 i aldersgruppa 10-14 år ved starten av 1988. Gjennom dei påfølgjande


flytteprosessane (inkluderer både til- og fråflytting) vart dette kullet redusert til 1.600 personar fram starten av 2013. Då var kullet i alderen 35-39 år. Kullet hadde då ei nettofråflytting fram til dei var tidleg i 30-åra. Deretter vart kullet litt styrka gjennom nettotilflytting.

Samtidig blir det færre i aldersgruppa 10 til 14 år i begge regionane. Talet potensielle rekruttar blir såleis redusert. I Nordfjord var det såleis 319 færre 10-14 åringar ved inngangen til 2013 samanlikna med 25 år tidlegare. Samanlikna med 80-talskulla er såleis dagens 10-14 åringar «reduerte» alt før flytting.

Forskjellen mellom Nordfjord og Indre Nordmøre på den eine sida og Indre Sunnfjord er stor. I Indre Sunnfjord har barnekulla vakse gjennom store delar av perioden. I tillegg har kullet som var 10-14 år i 1988 vorte styrka gjennom netto tilflytting.

**Tabell 15. Utviklinga i aldersgruppene 10-14 år og 50-54 år etter region. 1988, 1993, 1998, 2003, 2008, 2013. Faktiske tal og prosent. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.**

Region		1988	1993	1998	2003	2008	2013
Indre Sunnfjord	10-14 år	1983	2025	2073	2406	2386	2294
	50-54 år	1049	1147	1712	1899	2165	2219
	Ungdomsandel	189 %	177 %	121 %	127 %	110 %	103 %
Nordfjord	10-14 år	2218	2110	2011	2102	2109	1899
	50-54 år	1215	1317	1713	1944	1907	1975
	Ungdomsandel	183 %	160 %	117 %	108 %	111 %	96 %
Indre Nordmøre	10-14 år	1460	1327	1286	1373	1360	1272
	50-54 år	970	1069	1349	1312	1404	1445
	Ungdomsandel	151 %	124 %	95 %	105 %	97 %	88 %



Figur 21. Relativ utviklinga av aldersgruppa 10-14 år i forhold til aldersgruppa 50-54-år i perioden 1987-2012 etter region. 1.1. 1988-1.1. 2013. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.


Tidlegare har vore slik at dei ungdomskulla som skulle erstatte dei aldersgruppene som går ut av arbeidsmarknaden har vore relativt store. Vi er no inne i ein periode der dette er i ferd med å endre seg. Per i dag er aldersgruppa 10-14 år mindre enn aldersgruppa 50-54 år i Nordfjord. Slik var det ikkje fem år tidlegare. I 2008 var det såleis om lag 200 fleire 10-14-åringar enn 50-54-åringar. I 1988 var det 1.000 fleire 10-15-åringar enn 50-54-åringar. Dette vil kunne få klare konsekvensar for tilgang på arbeidskraft framover, gitt at denne skal rekrutterast i regionen.

### Moment for vidare drøfting

- Det kan bli ei utfordring for Nordfjord i åra som kjem at fødselskulla er reduserte, samtidig som pågåande flytteprosessar reduserer kvart kull som veks opp i regionen. Dette vil kunne vere med å legge premissene for både befolkningsutviklinga og rekrutteringa av arbeidskraft framover
- Nordfjord opplever såleis saman med mange andre regionar at ungdom frå små fødselskull skal overta etter eldre frå store. Dette kan auke konkurransen om arbeidskraft mellom regionane, gitt framleis vekst i den nasjonale økonomien. For kvar region vil det vere eit spørsmål om å vere mest mogleg attraktiv og kunne tilby noko som gjer at ein skil seg ut
- Innvandringa har vore viktig for befolkningsutviklinga dei siste åra. Utan denne er det god grunn til å tru at negativ befolkningsutvikling hadde vore resultatet
- Når veksten i befolkinga dei siste åra har vore basert på arbeidsinnvandring, medverkar dette også til ein skeiv kjønnsbalanse i regionen. Ei meir berekraftig innvandring i demografisk forstand, tilseier større grad av familieinnvandring.

## Ein fragmentert region

Som region har ikkje Nordfjord noko klart definert senter som «samlar» heile regionen. Slik sett er Nordfjord på lik line med Indre Nordmøre ein fragmentert region (Båtevik, Dvergsdal og Amdam 2012). Viktige regionale funksjonar ligg utanfor regionen, sjølv om Nordfjord til dømes har eigen flyplass.



Figur 22. Omsetting per innbyggjar i detaljvarer fordelt på kommunar i Nordfjord-regionen. Kommunane med størst omsetting i Indre Sunnfjord og på Indre Nordmøre som referansekommunar. 2008, 2009, 2010, 2011, 2012. Kjelde: Statistikkbanken, SSB.

Mangelen på eitt dominerande senter i Nordfjord, viser også igjen i statistikken for omsetting i daglegevarehandelen. Eid, som utgjer eit geografisk midtpunkt i regionen har ein omsetting i detaljvarehandelen per innbyggjarar litt i underkant av Stryn i 2012. Omsettinga i Vågsøy låg litt i underkant av Eid, medan Gloppen ikkje ligg langt bak desse tre kommunane. Om ein legg omsettinga dei tre siste åra til grunn, har posisjonen til Eid vorte svekka, medan både Vågsøy og Stryn har styrka eigen posisjon.

Når Stryn er den kommunen som har størst omsetting i varehandelen i regionen, er det rimeleg å sjå dette som konsekvens av to forhold. For det første er Stryn ein store reiselivskommune, med den omsetninga i varehandelen som turisttrafikken fører med seg. I tillegg er Stryn den største hyttekommunen i regionen. Begge deler gjer at varehandelen i Stryn kan tilby varer til ei befolkning som går ut over både kommune- og regiongrensene.

Nordfjord skil seg klart frå Indre Sunnfjord der Førde har ein klar posisjon som regionsenter. Omsettinga for varehandelen i Førde er nesten det doble per innbyggjar samanlikna med kva som er gjennomsnittet for «dei fire store» Nordfjordkommunane.

Situasjonen for Nordfjord har derimot fleire likskapstrekk med Indre Nordmøre, der Surnadal er den kommunen som har størst omsetting i varehandelen målt per innbyggjar. Dei to regionane har klare fellestrekk. Både handelssenter og og meir overordna administrative sentralstadsfunksjonar ligg utanfor dei to regionane. Begge regionane har ikkje eit klart sentrum som samlar dei «regioninterne» funksjonane. Slik sett er begge regionane fragmenterte.

**Sentralstadsfunksjonar.** Eit senter kan ha ulike funksjonar i forhold til kringliggande område. Slike funksjonar blir gjerne omtala som sentralstadsfunksjonar (Aasbrenn 2001). Eit senter er såleis kjenneteikna av at det i tillegg til eiga befolkning, også forsyner omlandsbefolkninga med varer, tenester og kulturtilbod. Enkelte varer og tenester treng større omland og eit større befolkningsgrunnlag enn andre. Dess større omland eit senter har, dess større grunnlag er det for å oppretthalde og etablere ulike sentralstadsfunksjonar i det aktuelle senteret.

## Mangel på felles regional identitetsbygger?

Fragmentertinga viser også att på andre måtar:

*Men det handlar også om kultur. - At vi har fire lokalaviser, men ikkje eit einaste felles organ for heile Nordfjordregionen, er eit talande uttrykk for nettopp dette, seier Bjørlo.<sup>14</sup>*

Største lokal- eller regionavis i kommunane. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.


Kommune	Avis	Dekningsgrad i prosent
Gloppen	Firda Tidend	84,1
Hornindal	Fjordingen	81,7
Eid	Fjordabladet	75,4
Vågsøy	Fjordenes tidene	75,1
Selje	Fjordenes tidene	75,0
Stryn	Fjordingen	71,8

Det er i alt fire lokalaviser i Nordfjord. Desse avisene dominerer kvar sine delar av Nordfjord. Dei har høg dekningsgrad i kvar sine område. Det er ingen av regionavisene, korkje i nord (Sunnmørsposten) eller sør (Firda) som har tilsvarende dekningsgrad som lokalavisene.<sup>15</sup> Det betyr at Nordfjord har det til felles med Indre Nordmøre at ingen har ei felles regionavis. Det unike i Nordfjord er likevel den sterke posisjonen dei fire lokalavisene har. På Indre Nordmøre har regionaviser som blir gitt ut utanfor regionen høgare dekningsgrad enn lokalavisene i tre av fem kommunar.

Om vi samanliknar med Indre Sunnfjord er mønsteret heilt annleis. Firda er den dominerande avisa, med unntak i Flora. Firda har såleis ein dekningsgrad på rundt 70 prosent i kommunane Førde, Jølster, Naustdal og Jølster. I tillegg er avisa også hovudavis for kommunane Askvoll, Fjaler, og Hyllestad.


<sup>14</sup> Næringsbarometeret for Sogn og Fjordane mai 2012: <http://www.naringsbarometeret.no/article/ny-vekst-i-nordfjord>

<sup>15</sup> Vi ser her vekk frå Regionavisa, som er ei gratisavis som blir distribuert både på Søre Sunnmøre og i Nordfjord.




Figur 23. Dekningsgraden for Firda Tiend i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.

Firda Tidend er i all hovudsak ei lokalavis for Gloppen kommune.




Figur 24. Dekningsgraden for Fjordabladet i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.

Fjordabladet er også primært lokalavis for ein kommune; Eid.



Figur 25. Dekningsgraden for Fjordingen i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.


Fjordingen har sitt nedslagsfelt i Hornindal og Stryn.




Figur 26. Dekningsgraden for Fjordenes tidende i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.

Fjordenes Tidende har også i all hovudsak nedslagsfelt i to kommunar; Vågsøy og Selje. I tillegg til dette har Fjordenes Tidende ein del lesarar i Eid kommune.

Av regionavisene med base utanfor regionen, er det først og fremst Sunnmørsposten som har nedslagsfelt i regionen. Dekningsgraden er likevel under ti prosent av kommunane. Sjølv i Hornindal, som er den kommunen der Sunnmørsposten står relativt sett sterkast i Nordfjord, er det langt fleire husstandar som abonnerer på Fjordingen enn på Sunnmørsposten. Firda, som primært har Sunnfjord som nedslagsfelt, gjer seg i liten grad gjeldande i Nordfjord, utover Gloppen kommune.




Figur 27. Dekningsgraden for Sunnmørsposten i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.



Figur 28. Dekningsgraden for Firda i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.





Figur 29. Dekningsgraden for Firda i ulike kommunar i Nordfjord. 2012. Kjelde: Aviskatalogen.

### Moment for vidare drøfting

- Kan det vere ei utfordring for utviklinga av regionen at ein manglar eitt samlande senter og at ein har fire lokalaviser som står sterkt i kvar sitt område, i staden for ei samlande regionavis?
- Dersom det ikkje er noko utsikt til å endre denne strukturen, blir spørsmålet korleis ein skal handle i forhold til dette: Kva potensiale er det for å legge til rette for at ein kan bygge regionen, basert på den strukturen som ligg der? Korleis kan ein eventuelt gjennom samarbeid legge til rette for denne strukturen ikkje blir ei ulempe, men eit potensiale?

## Nyskaping og utvikling i Nordfjord – midlar frå Innovasjon Norge


Innovasjon Norge skal bidra til nyskaping i næringslivet, utvikling i distrikta og til utvikling av konkurransedyktige norske bedrifter. I tillegg skal Innovasjon Norge profilere norsk næringsliv og reiseliv (Kjelde: Innovasjon Norge).

Våre informantar i dette prosjektet har peika på tilgang til risikokapital som eit av fleire viktige område for å skape vekst og utvikling. Gode idear slit ofte med å skaffe nok kapital i ei tidleg fase for å ta steget frå etablering til vekst. Innovasjon Norge har føreslått ei auka satsing på mellom anna kapital i tidleg fase med kr 150 mill. over statsbudsjettet for 2014.

Kor mykje midlar som er løyvt gjennom Innovasjon Norge til ein kommune eller ein region kan seie noko om etablerarlyst og initiativ. Men her vil også andre forhold spele inn, som til dømes kor gode kommunane og regionen er til å legge til rette for næringsutvikling.


Vi har sett nærmare på kor mykje midlar og kor mange saker som er løyvt til kvar enkelt kommune i perioden 2007 – 2011, basert på tal frå Innovasjon Norge, levert av Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD). I tillegg har vi samanlikna Nordfjord med Indre Nordmøre (2007 – 2009) for å sjå korleis aktiviteten er samanlikna med andre regionar.

Til saman er det løyvt om lag 835 millionar kr i denne perioden til Nordfjord. Fordelinga mellom dei ulike kommunane går fram av figuren nedanfor.




Figur 30. Netto løyvde midlar frå Innovasjon Norge 2007 - 2011, alle næringskodar. Kjelde Innovasjon Norge /Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD).

Vågsøy er den kommunen som i denne perioden har fått løyvt mest pengar frå Innovasjon Norge, til saman 285 mill. kr. Selje som er ei lita kommune målt etter folketal, har fått til saman kr 206 mill. Når vi ser på tal saker som er løyvt i den enkelte kommunen, ser vi at Stryn kjem på topp med 168 saker og Gloppen som nummer to med 154 saker totalt. Stryn har med andre ord mange små prosjekt (omlag kr 560 000 per prosjekt) medan Vågsøy har få og store prosjekt (omlag 2 900 000).




Figur 31. Tal saker per kommune, 2007 - 2011. Kjelde Innovasjon Norge /Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD)

Dersom vi ser løyvingane frå Innovasjon Norge i høve til folketalet i kommunane, er Gloppen den kommunen som, målt etter tal saker, er den mest aktive kommunen med Stryn som nummer to. Mange saker kan seie noko om kor mange personar som har prosjektidear og som har fått hjelp til å få desse gjennom hos Innovasjon Norge. Men dette er berre ein indikasjon som krev meir djuptgåande analysar for å kunne gje eit fullstendig bilde av gründerånd og etableringslyst i kommunane.



Figur 32. Kommunane i Nordfjord rangert etter tal saker i høve til folketalet. Kjelde: Norsk samfunnsvitenskaplige datateneste (NSD) /Innovasjon Norge.

Nordfjord og Indre Nordmøre er omlag like store når det gjeld folketal. På Indre Nordmøre er det 33 000 innbyggjarar, i Nordfjord 28 000. For Indre Nordmøre <sup>16</sup>har vi berre tal for perioden 2007 – 2009, og i denne perioden har Innovasjon Norge her løyvt totalt omlag 155 millionar kr. I same periode er det i Nordfjord løyvt 480 millionar kr. Når det gjeld tal saker er det på Indre Nordmøre løyvt pengar til 291 saker medan det i Nordfjord i same periode er løyvt pengar til 357 saker.



Figur 33. Tal saker og netto løyvd beløp- 2007 - 2009, Nordfjord og Indre Nordmøre. Kjelde: Innovasjon Norge/ Norsk samfunnsvitenskaplege datateneste (NSD).

## Oppsummering

Vi ser at Nordfjord har fått tilført betydelege midlar frå Innovasjon Norge, om lag halvparten har gått til relativt få prosjekt i Vågsøy og Selje. På basis av tala frå Innovasjon Norge er det lite som tilseier at det er mindre interesse for etablering og utvikling i Nordfjord enn andre regionar ein naturleg kan samanlikne seg med. Stryn og Gloppen har høgast aktivitet i form av flest tal saker, men vi kan ikkje seie om dette er eit uttrykk for systematisk arbeid frå næringslivet, det offentlege og sivile samfunnet, eller om det skuldast meir tilfeldige ting. At det er få og store prosjekt i Vågsøy og Selje kan tyde på at dei store etablerte selskapa i desse to kommunane, spesielt innan marine næringar, har vore aktive i høve til utvikling og omstilling.

Ei blanding av nyetableringar og utvikling av eksisterande næringsliv er oftast å føretrekkje. Når eit samfunn har få og store bedrifter, er ein meir sårbar over for endringar enn når det er ein meir variert struktur. Tala ovanfor kan tolkast som at det er stor aktivitet i regionen for etablering og utvikling. Det er likevel grunn til å peike på potensialet som ligg i å bygge nettverk mellom kommunane og dra vekslar på dei ulike strukturane og kompetansemiljø som er i regionen.

<sup>16</sup> Indre Nordmøre består av kommunane Halså, Rindal, Surnadal, Sunndal og Tingvoll

## Fritidsmarknaden – eit område med potensiale for vekst?

Nordfjord er ein stor reiselivsdestinasjon, og spesielt Stryn har lange tradisjonar for reiseliv. Eigarar av fritidsbustadar er ei viktig grupe for mange turistkommunar og kan utgjere ein vesentleg del av kundegrunnlaget for turistnæringa. Men dei skil seg frå vanlege turistar ved at dei eig hus og grunn i kommunane og nyttar seg av kommunale tenester, betalar kommunale avgifter og i somme høve eigedomsskatt. Dei blir med andre ord «deltidsinnbyggjarar» i kortare eller lengre periodar. Nokre har også fleire fritidsbustadar, men undersøkingar viser at dei blir etablert på stadar med andre kvalitetar enn der ein har «kvardagbustaden» (Ericsson, Overvåg, Hagen 2012). Mange av dei som har ein eller fleire fritidsbustadar har gjerne også utdanning og jobbar som vil kunne vere viktig for regionen og kommunen (Nordbø 2008, Vågane 2006)


Basert på tal frå Statens kartverk/ Infoland over tinglyste fritidseigedomar, har vi sett på kor mange slike eigedomar som har vore etablert sidan 1990, i kva for ein kommune dei har vore etablert og kvar eigarane kjem frå. Totalt er det etablert i underkant av 1000 fritidseigedomar i regionen i denne perioden.

At relativt fleire vel å investere i fritidseigedomar i dag enn tidlegare, ser vi av figuren nedanfor. Dei siste fem åra er det etablert nesten like mange fritidseigedomar (432) som dei 16 føregåande åra (555) i regionen. To kommunar skil seg likevel ut, Gloppen og Selje, der det var relativt større aktivitet i perioden 1990 – 2005 enn 2006 -2011. Om dette skuldast spesielle satsingar /tilrettelegging i desse to kommunane i denne perioden har vi ikkje oversikt over.

Moderne fritidsbustadar har i dag tilnærma lik teknisk standar som bustadar og tilkomst med bil heile året. Dei fleste nye fritidsbustadar i dag har ein slik standard, og mange blir etablert i relativt tette og regulerte hyttefelt. Ei skandinavisk undersøking viser at slike fritidsbustadar i snitt blir brukt om lag 60 døgn per år med regelmessig bruk gjennom heile året. (Jansson og Muller 2003; Ericsson og Grefsrud 2005; Ericsson m.fl. 2011).

Reiseavstand mellom fritidsbustad og bustad er ein viktig føresetnad for kor mykje fritidsbustaden blir brukt. Rundt 90 % av dei som bur i Oslo, Tromsø og Trondheim har ein reiseavstand på om lag tre timar, det vil seie at det må ligge innan for det som er akseptabelt for ei helg. Det er i rekreasjonsområdet til dei største byane, og då spesielt Oslo- området at den største veksten i fritidseigedomar har vore dei siste åra (Ericsson, Overå, Hagen 2012). I tillegg til reiseavstand er utvikling av destinasjonen med ulike aktivitetar gjennom året viktig for attraktiviteten. Vi ser dette spesielt i fjellområda på Austlandet der destinasjonane blir utvikla rundt skiaktivitetar, men også andre aktivitetar gjennom året.

Vi ser av oppstillinga nedanfor at Stryn er den klart største «hyttekommunen» med om lag 470 etablerte eigedomar dei siste 21 åra. Veksten har vore spesielt sterk dei siste fem åra, men også Eid har hatt ein sterk vekst i denne perioden med 80 nye eigedomar mot 97 etablerte eigedomar i perioden 1990 – 2005.




Figur 34. Etablerte fritidseigedomar i Nordfjord i perioden 1990 - 2011, per kommune. I tal inngår også naust, garasjar og liknande som blir registrert under same eigedomskode som fritidseigedomar. Faktiske tal,. Kjelde: Statens kartverk/Infoland

Kva som blir vektlagt når ein skal kjøpe eller bygge hytte vil variere. Det gjeld både med omsyn til lokalisering, standar, reiseavstand, klimatiske tilhøve med meir. Nordfjord som region kan by på eit stort mangfald når det gjeld klimatiske og topografiske forhold frå kyst og hav til fjell og bre. Nokre kommunar/regionar kan ha ein bevisst strategi for å legge til rette for hyttebygging, medan andre ikkje har det. Der dette er ein bevisst strategi, vil gjerne tilgangen vere enklare. Det meste av utbyggingane føregår då gjerne i større eller mindre felt som er regulert til føremålet.

#### Kvar kjem eigarane frå?

Når dei fleste som byggjer seg hytte eller annan fritidseigedom kjem frå eigen kommune, vil det kunne bety at det ikkje er lagt spesielt til rette for slik etablering. Når ein vel å satse på denne marknaden vil organisert tilrettelegging og marknadsføring i tillegg gjere området tilgjengeleg og attraktivt for kjøparar frå omlandet. Reiseavstand og tilrettelegging er difor to viktige faktorar.


Mange frå Søre Sunnmøre eller det som vi her kallar «Eiksundregionen» har skaffa seg fritidseigedom i Nordfjord. Men vi ser at det er om lag like mange som vel å skaffe seg fritidseigedom i eigen kommune.



Figur 35. Omsette fritidseigedomar 2006 - 2011 fordelt etter eigarane si bustadadresse. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.


Vågsøy og Selje er dei to kommunane som har færrest «deltidsinnbyggjarar» av dei som etablerer seg med fritidseigedomar, medan Stryn er den kommunen med flest «deltidsinnbyggjarar». Eid har også eit relativt stort innslag av eigarar av fritidseigedomar frå Søre Sunnmøre.

Sjølv om Sunnfjord ligg geografisk like nær Nordfjord som Søre Sunnmøre, er det få frå dette området som har etablert seg i Nordfjord. Det er fleire frå Møre og Romsdal, utan om Eiksundregionen, enn frå Sogn og Fjordane elles som har skaffa seg fritidseigedom i Nordfjord.




Figur 36. Omsette fritidseigedomar 2005 - 2011 per kommune, fordelt etter eigarane si bustadadresse. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.

I Selje ser det ut som etablering av fritidseigedomar har flata ut dei siste åra. Kommunen skil seg klart ut i så måte i høve til resten av regionen. Kva som er årsaka til dette har vi ikkje gått nærmare inn på her, men det er nærliggande å tru at det kan skuldast mangel på tilrettelegging av attraktive område.



Figur 37. Omsette fritidseigedomar i Selje 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland


Vågsøy har også hatt relativt mindre vekst på fritidsmarknaden enn dei andre kommunane, og dei aller fleste kjem frå eigen kommune.



Figur 38. Omsette fritidseigedomar i Vågsøy 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk/Infoland.




Eid er ein av kommunane med relativt stor vekst i fritidsmarknaden dei siste åra. Dei har også mange utanbygds eigarar, mest frå Eiksundregionen. Det tyder på at dei har vore aktive i å legge til rette for hyttebygging. Vi vil tru at ein god del av dette er knytt opp til satsinga på Harpefossen skisenter.



Figur 39. Omsette fritidseigedomar i Eid 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde statens kartverk/Infoland.


Gloppen er den kommunen der det har vore etablert relativt få fritidseigedomar dei siste fem åra. Omlag halvparten av dei som har etablert seg med fritidseigedom kjem utanfrå kommunen, og her ser vi at dei kjem frå Sogn og Fjordane og landet elles. Få kjem frå Møre og Romsdal.



Figur 40. Omsette fritidseigedomar i Gloppen 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde: Statens kartverk /Infoland.


I Hornindal har det vore få etableringar av fritidseigedomar dei siste 20 åra. Halvparten av etableringane har skjedd dei siste fem åra. Hornindal har lagt til rette for meir hyttebygging dei siste åra, og saman med etablering av nytt skisenter er det grunn til å tru at dei med si lokalisering nær

opp til Søre Sunnmøre vil kunne oppleve noko av det same som Stryn med mange frå denne regionen som etablerer seg med fritidseigedom i kommunen.



Figur 41. Omsette fritidseigedomar i Hornindal 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde statens kartverk/Infoland.

Stryn har hatt ein kraftig auke i etableringa av fritidseigedomar dei siste fem – seks åra. Eigarane kjem i all hovudsak frå Eiksundregionen, og Eiksundsambandet og Kvivsvegen saman med storstilt satsing på tilrettelegging frå grunneigarar og kommunen er truleg årsaka. Av 467 eigedomsetableringar sidan 1990 har 272 av desse skjedd etter 2005.



Figur 42. Omsette fritidseigedomar 2005 - 2011 fordelt etter eigaren si bustadadresse. Faktiske tal. Kjelde Statens kartverk/Infoland.



Figur 43. Omsett fritidseigedomar 2012, dei ti største kommunane og Stryn, Eid og Bremanger. faktiske tal. Kjelde SSB

### Oppsummering

Friluftsliv, opplevingar og reisleiv er eit område der det ligg til rette for vidare vekst i Nordfjord. Omsette fritidsbustadar er ein målestokk for ei side ved dette området. Ytre deler av regionen ligg geografisk nær opp til både Florø og Ytre Søre Sunnmøre, og med betre kommunikasjonar vil det kunne ligge eit potensiale her. Men også at kysten kan tilby ein annan type klima enn innlandet bør vere eit potensiale. For «kystfolket» vil gjerne eit innlandsklima med andre typar aktivitetar vere meir ettertrakta. Stryn og Eid er dei store hyttekommunane i Nordfjord. Spesielt Stryn har hatt stor utbygging og om setjing av fritidseigedomar dei siste åra, men også Eid har hatt betydeleg vekst.

Reiseavstand mellom bustad og fritidsbustad er ein viktig føresetnad for kor ofte fritidsbustaden vert brukt. Ofte skjer det ein samanheng mellom etablering av fritidseigedomar og andre aktivitetar. Vi har sett dette mellom anna gjennom den store veksten i fjellområda på Austlandet der det har blitt utvikla destinasjonar bygt opp rundt skiaktivitetar. Ofte blir det gjerne knytt andre tilbod opp mot områda som gjer dei attraktive som rekreasjonsområde.

For Sunnmøre har Indre Nordfjord blitt eit reelt alternativ til Bjorli og delvis Oppdal etter at kommunikasjonane har blitt betre. Både Stryn og Eid kombinerer hytteområda med andre aktivitetar som anlegg for alpint og langrenn som gjer at dei også på dette området kan vere eit alternativ. Stryn har i tillegg satsa på ulike aktivitetar i sentrum gjennom heile året som også er med å gjer området meir attraktivt.

Det er grunn til å tru at potensialet for regionen er større enn det ein har tatt ut til no. Betre kommunikasjonar, både på kysten og autover vil gje enklare tilgang til ein større marknad. I tillegg vil Eiksundregionen med sine 60 000 innbyggjarar framleis vere ein stor marknad for Nordfjord, då spesielt indre deler av regionen.

Det er eit stykke opp til dei største kommunane når det gjeld omsette fritidseigedomar. Vinje var den kommunen i Norge som hadde flest omsette eigedomar i 2012 (186). Stryn var størst i Sogn og Fjordane med 30 omsette eigedomar, Eid 19 og Bremanger 16. Vi tar med Bremanger for å vise at også kysten er eit attraktivt område for fritidseigedomar.

## Litteratur

- Aasbrenn, K. (2001). *Senterstruktur og tjenester – notater i utvalg 2000*. Elverum: Høgskolen i Hedmark
- Amdam, J. og Amdam, R. (2000) *Kommunikativ planlegging – regional planlegging som reiskap for organisasjons- og samfunnsutvikling*. Oslo: Det norske samlaget
- Amdam, J. og Båtevik, F. O. (2004). *Dei fragmenterte samfunna - analyse av utviklingstrekk og utfordringar på Indre Nordmøre*. Volda: Møreforskning.
- Båtevik, F. O., Dvergsdal, G. og Amdam, J (2012). *Utviklingstrekk på Indre Nordmøre*. Volda: Møreforskning.
- Dvergsdal, G. (2010). *Lokalsamfunnsutvikling – frå dugnad til business – casestudie av to lokalsamfunn*. Volda: Møreforskning.
- Dvergsdal, G., Aarset, M. E., Båtevik, F. O. (2013). *Regional attraktivitet – kartlegging av brukarerfaringar*. Volda: Møreforskning.
- Engebretsen, Ø. og Gjerdåker, A. (2012). *Potensial for regionforstørring*. Oslo: TØI.
- Ericsson, B., Skjeggedal, T., Arnesen, T., Overvåg, K. (2011). *Second homes i Norge – bidrag til en nordisk utredning*. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Ericsson, B. og Grefsrud, R. (2005) *Fritidshus i innlandet: Bruk og lokaløkonomiske effekter*. Lillehammer: Østlandsforskning.
- Ericsson, B., Overvåg, K. og Hagen, S. E. (2012). Å bo på fleire steder – fritidsboligeiere i Indre Skandinavia. I Olsson, E., Hauge, A. og Ericsson, B. (red). *På grensen, interaksjon, attraktivitet och globalisering i inre Skandinavien*, 149-168. Karlstad: Universitetstryckeriet.
- Hanche-Olsen, M., Båtevik, F. O, Olsen, G. M. og Yttredal, E. R. (2011). *Dei nye hendene : offentlig sektor i møte med arbeidsinnvandrere*. Volda: Møreforskning.
- Healey, P., Magalhaes & C., Madanipour, A. (1999). Institutional Capacity-building, Urban Planning and urban Regenerations Projects. *Journal for the Finnish Society for Future Studies*.
- Janson, B. & Muller, D. (2003) *Fritidsboende i Kvarken*. Umeå: Kulturgeografiska institusjonen Umeå Universitetet
- Nordbø, I. (2008). Hyttefolk=nyttefolk? *Resultater frå en spørreundersøkelse blant hyttefolk i Tinn kommune og Øyfjell, Vinje kommune, høsten 2007*.  
<http://www.distriktssenteret.no/filearchive/rapport-hyttefolk-nyttefolk.pdf>
- Selstad, T. og Onsager, K. (2004). *Regioner i utakt*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Statistisk Sentralbyrå SSB (2000). *Standard for økonomiske regioner. Classification of Economic Regions*. Oslo/Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Vågane, L. (2006). *Daglige fritidsaktiviteter, hytte- og båtliv og svenskehandel. Den nasjonale reisevaneundersøkelsen 2005*. Oslo: TØI.



## MØREFORSKING

MØREFORSKING VOLDA  
Postboks 325, NO-6101 Volda

Telefon +47 70 07 52 00  
Telefaks +47 70 07 52 01

moreforskning@moreforsk.no  
www.moreforsk.no



## HØGSKULEN I VOLDA

HØGSKULEN I VOLDA  
Postboks 500, NO-6101 Volda

Telefon +47 70 07 50 00  
Telefaks +47 70 07 50 01

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no